

L (481) N

# Norsk landbruksforskning

# **Norwegian Agricultural Research**

Vol. 8 1994 Nr. 3-4



## NISK, BIBLIOTEKET

70266717



Norges landbruksuniversitet, Fagtjenesten, Ås, Norge  
*Agricultural University of Norway, Advisory Service, Ås, Norway*

## NORSK LANDBRUKSFORSKING / NORWEGIAN AGRICULTURAL RESEARCH

Norsk landbruksforskning er en fortsettelse av Meldinger fra Norges landbrukshøgskole og Forskning og forsøk i landbruket og dekker et publiseringssbehov for norske forskningsresultater innenfor fagområdene: Akvakultur/Aquaculture, Husdyrbruk/Animal Science, Jorddag/Soil Science, Landbruksteknikk/Agricultural Engineering and Technology, Naturgrunnlag og miljø/Natural Resources and Environment, Næringsmiddelteknologi og hygiene/Food Technology, Plantedyrking jord- og hagebruk/Crop Science, Skogbruk/Forestry, Økonomi og samfunnsplanlegging/Economics and Society Planning.

Tidsskriftet har abstrakt, figur- og tabelltekster, overskrift samt nøkkelord på engelsk.  
*Articles published in the journal will always contain titles, abstracts, key words and figures and tables legends in English.*

### **Ansvarlig redaktør/Managing Editor, Arnstein Bruaset**

#### **Redaksjonsråd/Editorial Board**

Sigmund Huse, Norges landbrukshøgskole, Institutt for biologi og naturforvaltning  
Ådne Håland, Sørheim forskningsstasjon  
Åshild Krogdahl, Institutt for akvakulturforskning  
Karl Alf Løken, Norges landbrukshøgskole, Institutt for tekniske fag  
Toralv Matre, Norges landbrukshøgskole, Institutt for husdyrfag  
Einar Myhr, Norges landbrukshøgskole, Institutt for tekniske fag  
Nils K. Nesheim, Norges landbrukshøgskole, Institutt for økonomi og samfunnsfag  
Kjell Bjarte Ringøy, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning  
Ragnar Salte, Institutt for akvakulturforskning  
Martin Sandvik, Norsk institutt for skogforskning  
Hans Sevatdal, Norges landbrukshøgskole, Institutt for planfag og rettslære  
Bal Ram Singh, Norges landbrukshøgskole, Institutt for jorddag  
Arne Oddvar Skjelvåg, Norges landbrukshøgskole, Institutt for plantekultur

Anders Skrede, Norges landbrukshøgskole, Institutt for husdyrfag  
Grete Skrede, Norsk Institutt for næringsmiddelforskning  
Kjell Steinsholt, Norges landbrukshøgskole, Institutt for meieri- og næringsmiddelfag  
Arne H. Strand, Norges landbrukshøgskole, Institutt for meieri- og næringsmiddelfag  
Hans Staaland, Norges landbrukshøgskole, Institutt for biologi og naturforvaltning  
Asbjørn Svendsrud, Norges landbrukshøgskole, Institutt for skogfag  
Geir Tutturen, Norges landbrukshøgskole, Institutt for tekniske fag  
Odd Vangen, Norges landbrukshøgskole, Institutt for husdyrfag  
Sigbjørn Vestreheim, Norges landbrukshøgskole, Institutt for hagebruk  
Kåre Årvoll, Statens plantevern/Statens forskningsstasjoner i landbruk

### **UTGIVER/PUBLISHER**

NLH-Fagtjenesten/Agricultural University of Norway, Advisory Service, Moerveien 12, 1430 Ås, Norway. Norsk landbruksforskning/Norwegian Agricultural Research (ISSN 0801-5333) blir utgitt med fire hefter pr. år som utgjør et volum. Hvert hefte skal være på ca. 100 sider. Abonnementsprisen er NOK 500,- pr. år. Eventuelle supplementer vil bli sendt gratis til abonnenter, men kan bestilles separat hos utgiveren.

### **KORRESPONDANSE/CORRESPONDENCE**

All korrespondanse av redaksjonell eller forretningsmessig karakter skal sendes til NLH-Fagtjenesten/Agricultural University of Norway, Advisory Service.

# Dyrkingsverdien av ripssortar for Sør- og Midt-Noreg

## *Evaluation of Redcurrant cultivars for South Norway*

ARNFINN NES<sup>1)</sup>, ARNE HJELTNES<sup>1)</sup>, MEKJELL MELAND<sup>2)</sup>, MONS FLØNES<sup>3)</sup> & ROLF NESTBY<sup>3)</sup>

<sup>1)</sup> Statens forskingsstasjoner i landbruk, Apelsvoll forskingsstasjon, avd. Kise, Nes Hedmark, Noreg

<sup>1)</sup> *The Norwegian State Agricultural Research Stations, Apelsvoll Research Station, Division Kise, Nes Hedmark, Norway*

<sup>2)</sup> Statens forskingsstasjoner i landbruk, Ullensvang forskingsstasjon, Lofthus, Noreg

<sup>2)</sup> *The Norwegian State Agricultural Research Stations, Ullensvang Research Station, Lofthus, Norway*

<sup>3)</sup> Statens forskingsstasjoner i landbruk, Kvithamar forskingsstasjon, Stjørdal, Noreg

<sup>3)</sup> *The Norwegian State Agricultural Research Stations, Kvithamar Research Station, Stjørdal, Norway*

Nes, A., A. Hjeltnes, M. Meland, M. Flønes & R. Nestby 1994. Evaluation of Redcurrant cultivars for South Norway. *Norsk landbruksforskning* 8: 199-216. ISSN 0801-5333.

In the period 1974-91 24 cultivars and advanced selections of redcurrant and one of whitecurrant were evaluated in several experiments in different parts of South and Mid-Norway. All the clones evaluated were included in one or more trials at Kise in Southeast Norway, 13 of them were evaluated at Kvithamar in Mid-Norway and 19 at Ullensvang in West Norway. Most of the cultivars and advanced selections showed low resistance to leaf spot (*Drepanopeziza ribis*). Others were found to have a poor growth habit, too low a yield potential or poor berry quality. In some years a few clones also showed low winter hardiness and very few of the clones evaluated can therefore be recommended. All the clones are briefly described, with the recommendations for commercial growing or further trials.

Key words: Cultivars, leaf spot resistance, redcurrant, soluble solids.

*Arnfinn Nes, Apelsvoll Research Station, Division Kise, N-2350 Nes Hedmark, Norway*

Rips kan dyrkast over heile landet, og er ei av dei mest dyrka bærartene i småhagane, men betyr i dag likevel lite i den økonomiske bærdyrkinga i Noreg. I Nord-Noreg har det vore arbeidd systematisk med samling og registrering av villrips i fleire år (Samuelson 1983 og 1986). Dette arbeidet har gjeve sortsmateriale som er godt tilpassa dyrkingvilkåra i denne landsdelen og som er godkjent for dette føremålet (Samuelson et. al. 1987). Foredling av

rips har i Noreg vore drive meir eller mindre samanhengjande og systematisk dei siste 30 åra. Tre nye sortar er skilda med namn (Øydvinn 1978), men dei er ikkje godkjende for offentlag avl.

Resistens mot bladsoppar, opprett veksemåte, god avling og kvalitet er viktige mål for utvikling av nye ripssortar.

I denne meldinga vert det lagt fram resultat frå seks forsøk med sortar og kloner av rips. Forsøka er gjennomførde fleire stader i landet i perioden 1972-1991.

## OVERSYN OVER FORSØKSARBEIDET

Forsøk 1 omtalar resultata frå eit forsøk som vart gjennomført frå 1972 til 1977 der utvalde seleksjonar av eit foredlingsmateriale i raudrips frå Johannes Øydvinn vart prøvde. I forsøk 2 vart tre namngjevne seleksjonar frå same materialet samanlikna med Raud Hollandsk i tre år. Forsøk 3 var det største forsøket. Her vart eit større materiale av ripssortar prøvde samstundes på Ås, Kvithamar, Njøs og Kise, og dei fleste resultata vart samla i perioden 1983-1987. Forsøk 4 er førebels det siste sortsforsøket med rips på Kise. Det vart planta våren 1986 og avslutta hausten 1991. Forsøk 5 var eit sortsforsøk med rips ved Ullensvang forskingsstasjon som vart planta våren 1984, og registreringane vart utførde i åra 1986-1990. I forsøk 6 vert resultata frå ei demonstrasjonsplanting som vart planta same året og med dei same sortane på Skånevik forsøksfelt lagde fram.

## Forsøk 1

### MATERIAL OG METODE

To år gamle buskar av 5 seleksjonar frå J. Øydvinn vart planta på Kise våren 1972 og rydda etter hausting 1977. Det vart nytta blokkforsøk med to gjentak og 4 buskar pr rute, og planteavstanden var 2,0 x 4,5 m. Jorda var steinrik morene med middels leirinnhald. Det vart gjødsla etter bladanalsysar og vatna etter tentiometer med vatning kvar gong tention var 0,5 bar. Buskane vart sprøyte mot bladfleksoppar to gonger for året, og det vart nytta simazin mot ugraset i feltet. Bæra vart handhausta første året og bankehausta seinare. Bærstorleiken vart bestemt kvart år ved veging av bær frå 25 klasar pr rute, medan klasestorleiken berre vart bestemt i 1974.

### RESULTAT

Avling og bærstorleik vart registrert i fire år (tabell 1 og 2). Seleksjonane gav moderate avlinger og det var ikkje sikker skilnad i avling mellom dei i middel av fire år. Årsvariasjonen var derimot stor, og alle seleksjonane gav størst avling tredje hausteåret.

Seleksjonen 9/37/69 hadde store bær og små klasar, medan det motsette var tilfelle for Jotun. Fortun og Nortun fekk middels sterke åtak av bærbuskbladfallsopp (*Drepanopeziza ribis*), medan Jotun synte god resistens. Fortun var den tidlegaste og Jotun den seinaste av seleksjonane.

Tabell 1. Avling (kg/daa) i fire år hjå fem ripsseleksjonar på Kise

Table 1. Yield (kg/0.1 ha) in four years of five advanced redcurrant selections at Kise

Seleksjonar Selections	År Years				Middel Mean	LSD 5%
	1974	1975	1976	1977		
4/13/69	323	470	758	671	556	
6755/70 (Jotun)	367	801	891	606	666	
8/54/69 (Fortun)	213	385	784	389	443	
6/20/69 (Nortun)	408	696	985	576	666	
9/37/69	437	492	854	647	608	
Middel Mean	350	569	854	578		150
LSD 5%	i.s.	i.s.	i.s.	i.s.		

Tabell 2. Bærstorleik (gram/100 bær) og klasestorleik (tal bær/klase) i 1974 hjå fem ripsseleksjonar på Kise

Table 2. Berry size (g/100 berries) and cluster size (berries/cluster) in 1974 of five advanced redcurrant selections at Kise

Seleksjonar Selections	Bærstorleik Berry size	Klasestorleik Cluster size
4/13/69	64,5	11,5
6755/70 (Jotun)	52,5	11,0
8/54/69 (Fortun)	59,0	6,5
6/20/69 (Nortun)	73,5	7,5
9/37/69	83,0	6,5
Middel Mean	66,5	8,6
LSD 5%	16,1	3,1

Veksemåten var bra opprett hjå dei fleste seleksjonane med unntak av 9/37/69. Seleksjonane 4/13/69 og Jotun var lette å hausta med bankemetoden, medan bæra sat svært fast hjå seleksjonane Fortun og Nortun.

## Forsøk 2

### MATERIAL OG METODE

Eittårige planter stukne i torv i 5 l potter av 3 seleksjonar og ein målestokksort vart planta i eit forsøk på Kise i mai 1981. Det vart nytta blokkforsøk med fem gjentak og 2 buskar pr rute, og planteavstanden var 2,0 x 2,5 m. Jorda var steinrik morene med middels leirinnhald. Det vart gjødsla etter bladanalsysar og vatna etter tentiometer med vatning kvar

gong tention var 0,5 bar. Buskane vart sprøytte mot bladfleksoppar to gonger for året, og det vart nytta simazin mot ugraset i feltet. Buskane vart bankehausta i åra 1985-87 og avlinga vart registrert på alle ruter. Bærstorleiken vart bestemt kvart år ved veging av bær frå 25 klasar pr rute, medan klasestorleiken berre vart bestemt i 1985.

## RESULTAT

Avling og bærstorleik vart registrert i tre år (tabell 3 og 4). Seleksjonen Fortun gav statistisk sikkert minst avling, hadde dårlegast bærstorleik og små klasar. Ei av årsakene var truleg vinterskade som vart registrert både hjå Fortun og Nortun. Det var ikkje sikre skilnader i avlingsnivå, bær- eller klasestorleik mellom dei andre seleksjonane. Seleksjonen Jotun gav jamn og stor avling, og både bær- og klasestorleik var om lag som hjå Raud Hollandsk.

Tabell 3. Avling (kg/daa) i tre år hjå fire ripskloner på Kise

*Table 3. Yield (kg/0.1 ha) in three years of five redcurrant clones at Kise*

Kloner Clones	År Years			Middel Mean	LSD 5%
	1985	1986	1987		
Raud Hollandsk	1.051	1.040	1.465	1.185	
6755/70 (Jotun)	1.440	1.279	1.092	1.270	
8/54/69 (Fortun)	541	513	107	387	
6/20/69 (Nortun)	1.049	563	260	624	
Middel Mean	1.020	849	731		205
LSD 5%	587	324	204		

Tabell 4. Bærstorleik (g/100 bær) og klasestorleik (tal bær/klase) i 1985 hjå fire ripskloner på Kise

*Table 4. Berry size (g/100 berries) and cluster size (berries/cluster) in 1985 of four redcurrant clones at Kise*

Kloner Clones	Bærstorleik Berry size	Klasestorleik Cluster size
Raud Hollandsk	79,4	5,6
6755/70 (Jotun)	69,0	7,2
8/54/69 (Fortun)	64,0	4,0
6/20/69 (Nortun)	80,0	6,0
Middel Mean	73,1	5,7
LSD 5%	11,0	3,1

## Forsøk 3

### MATERIAL OG METODE

Tidleg på 1970-talet vart det samla eit materiale av i alt 13 ripssortar i samarbeid med Institutt for fruktdyrking ved NLH og forskingsstasjonane Njøs og Kvithamar. Sortane vart øksla på Kise, og våren 1975 vart det planta forsøk etter same planane på Ås, Kise, Njøs og Kvithamar for å granska verdien av sortane i ulike landsdeler. To år gamle buskar vart planta i blokkforsøk med tre gjentak og tre buskar pr forsøksrute. Resultat av kvalitetsgranskingar frå forsøket ved NLH er publisert tidlegare (Leisner 1984). Forsøka vart hausta for hand på Njøs og Kvithamar og bankehausta på Kise. Avling og bærstorleik vart registrert på rutebasis i minst to år i alle forsøka. Ved bankehausting vart det gjeve karakterar etter skala 1 - 5 for kor lett bæra losna ved bankehausting. I forsøket på Kise vart dessutan løyst tørrstoff og klasestorleik registrert. Ved Kvithamar vart det første åra også notert resistens mot soppsjukdomar på bladverket og gjeve karakterar for veksemåte og greinbrekk på alle ruter.

### RESULTAT

Forsøket på Kise vart hausta i to år og resultata er presenterte i tabell 5 og 6. Det var stor skilnad i avling og bærstorleik mellom sortane. Målestokksorten Raud Hollandsk gav sikkert mindre avling enn Stanza og Laxton nr 1, men større enn dei fleste andre. Bæra hjå Raud Hollandsk var små, men klasane var store. Innhaldet av løyst tørrstoff varierte også sterkt mellom sortane. Verdiane varierte mellom 11,3 og 15,4 prosent (tabell 6). Målestokksorten hadde 13,0 prosent løyst tørrstoff, likt med middelverdien i forsøket.

Sidan mekanisk hausting av rips krev sortar der klasane og bæra losnar lett, vart denne eigenskapen registrert ved bankehausting i to år på Kise. Det var her også betydeleg variasjon mellom sortane, og målestokksorten vart vurdert som middels lett å bankehausta. Red Cross, Laxton nr 1 og Stanza var vanskelege å bankehausta, medan Cascade losna lett (tabell 6).

Både avling og bærstorleik var i middel større i forsøket på Njøs enn på Kise (tabell 7). Ingen av sortane gav i forsøket på Njøs statistisk sikkert større avling enn målestokksorten, men to av sortane hadde større bær.

Sorten Stanza gav i middel av tre år signifikant størst avling i forsøket på Kvithamar, men Raud Hollandsk var også her ein av dei som gav størst avling (tabell 8). Dei fleste sortane hadde i dette forsøket større bær enn målestokksorten, og Cascade hadde dei største.

## 204 Dyrkingsverdien av ripssortar

Tabell 5. Avling (kg/daa), bærstorleik (gram/100 bær) og klasestorleik (tal bær/klase) hjå 13 ripssortar på Kise (middel av to år)

Table 5. Yield (kg/0.1 ha), berry size (g/100 berries) and cluster size (berries/cluster) of 13 redcurrant cultivars at Kise (means of two years)

Sortar <i>Cultivars</i>	Avling <i>Yield</i>	Bærstorleik <i>Berry size</i>	Klasestorleik <i>Cluster size</i>
Raud Hollandsk	515	53	10,3
Cascade	518	81	9,0
Stanza	859	59	8,0
Laxton Perfection	223	69	9,3
Red Lake	510	52	9,0
"Russ nr 1"	512	83	5,3
"Russ nr 2"	148	30	2,3
Fay's Prolefic	305	55	6,7
Jonkheer van Tets	402	64	5,0
Red Cross	524	64	7,7
Heros	373	66	12,3
Marses Prominent	592	78	8,7
Laxton nr 1	681	53	6,3
Middel <i>Mean</i>	474	62	7,7
LSD 5%	109	23	2,6

Tabell 6. Prosent løyst tørrstoff og poeng for bankehausting hjå 13 ripssortar på Kise (middel av to år)

Table 6. Content of soluble solids (%) and score of harvesting ability of 13 redcurrant cultivars at Kise (means of two years)

Sortar <i>Cultivars</i>	Hausting <sup>1)</sup> <i>Harvesting<sup>1)</sup></i>	Løyst tørrstoff <i>Soluble solids</i>
Raud Hollandsk	2,8	13,0
Cascade	3,8	13,6
Stanza	2,0	12,5
Laxton Perfection	3,3	11,7
Red Lake	2,8	14,9
"Russ nr 1"	2,2	13,7
"Russ nr 2"	3,0	11,3
Fay's Prolefic	2,3	12,2
Jonkheer van Tets	2,3	11,8
Red Cross	1,8	12,6
Heros	2,8	13,8
Marses Prominent	2,8	12,3
Laxton nr 1	2,0	15,4
Middel <i>Mean</i>	2,7	13,0
LSD 5%	0,9	0,5

<sup>1)</sup> poeng 1-5, høge verdiar = lett å hausta <sup>1)</sup> score 1-5, high score = easy to harvest

Tabell 7. Avling (kg/daa) og bærstorleik (gram/100 bær) hjå 13 ripssortar på Njøs (middel av to år)

*Table 7. Yield (kg/0.1 ha) and berry size (g/100 berries) of 13 redcurrant cultivars at Njøs (means of two years)*

Sortar <i>Cultivars</i>	Avling <i>Yield</i>	Bærstorleik <i>Berry size</i>
Raud Hollandsk	682	69
Cascade	337	77
Stanza	654	61
Laxton Perfection	254	84
Red Lake	218	87
"Russ nr 1"	828	60
"Russ nr 2"	273	62
Fay's Prolefic	291	69
Jonkheer van Tets	693	84
Red Cross	736	60
Heros	483	80
Marses Prominent	515	75
Laxton nr 1	652	58
Middel <i>Mean</i>	509	72
LSD 5%	206	13

Tabell 8. Avling (kg/daa) i middel av tre år og bærstorleik i 1977 (gram/100 bær) hjå 13 ripssortar på Kvithamar

*Table 8. Yield (kg/0.1 ha) (means of three years) and berry size in 1977 (g/100 berries) of 13 redcurrant cultivars at Kvithamar*

Sortar <i>Cultivars</i>	Avling <i>Yield</i>	Bærstorleik <i>Berry size</i>
Raud Hollandsk	562	59
Cascade	530	98
Stanza	833	73
Laxton Perfection	265	89
Red Lake	450	81
"Russ nr 1"	340	59
"Russ nr 2"	365	68
Fay's Prolefic	265	86
Jonkheer van Tets	339	82
Red Cross	243	80
Heros	437	70
Marses Prominent	621	90
Laxton nr 1	478	71
Middel <i>Mean</i>	445	81
LSD 5%	144	19

Svært mange av sortane synte svak resistens mot mjøldogg og bærbuskbladfallsopp og hadde lite opprett veksemåte (tabell 9). Raud Hollandsk var både friskare og hadde meir opprett vekst enn dei fleste andre sortane. Desse eigenskapane er særskilt viktige når verdien av sortane skal vurderast. Ein del ripssortar har svake greinvinklar og greinene brekkar lett. Denne eigenskapen er viktig når bæra skal haustast med bankehausting. Det var også her stor variasjon mellom sortane, og målestokksorten var mellom dei minst skadde. Red Cross og Jonkheer van Tets hadde dei svakaste greinene.

Tabell 9. Poeng for resistens mot mjøldogg (middel av 1978 og 1979) og bærbuskbladfallsopp 1979, for veksemåte og greinbrekk hjå 13 ripssortar på Kvithamar

Table 9. Scores for resistance to mildew (means of 1978 and 1979) and leaf spot (1979), growth habit and breakage of branches of 13 redcurrant cultivars at Kvithamar

Sortar Cultivars	Mjøldogg <sup>1)</sup> Mildew <sup>1)</sup>	Bladfall <sup>1)</sup> Leaf spot <sup>1)</sup>	Veksemåte <sup>2)</sup> Growth habit <sup>2)</sup>	Greinbrekk <sup>3)</sup> Breakage of branches <sup>3)</sup>
Raud Hollandsk	3,7	4,0	4,7	3,7
Cascade	2,7	3,7	3,3	3,3
Stanza	3,3	2,0	2,3	2,7
Laxton Perfection	2,0	1,0	2,3	3,3
Red Lake	1,3	1,0	1,3	4,0
"Russ nr 1"	2,2	2,7	1,7	3,3
"Russ nr 2"	3,5	4,0	3,3	3,3
Fay's Prolific	1,5	2,3	1,7	3,0
Jonkheer van Tets	3,3	2,3	3,0	2,3
Red Cross	1,2	1,7	1,0	2,3
Heros	2,8	2,3	2,0	3,0
Marses Prominent	2,8	2,3	2,3	3,3
Laxton nr 1	2,5	2,3	2,0	4,0
Middel mean	2,6	2,4	2,4	3,2
LSD 5%	0,7	0,4	1,0	1,0

<sup>1)</sup> poeng 1-5, høge verdiar = god resistens <sup>1)</sup> score 1-5, high values = good resistance

<sup>2)</sup> poeng 1-5, høge verdiar = opprett vekst <sup>2)</sup> score 1-5, high values = erect growth habit

<sup>3)</sup> poeng 1-5, høge verdiar = lite greinbrekk <sup>3)</sup> score 1-5, high values = strong branches

## Forsøk 4

### MATERIAL OG METODE

To år gamle buskar av 6 ripssortar og målestokksorten Raud Hollandsk vart planta i eit blokkforsøk med fire gjentak og to buskar pr rute på Kise våren 1986. Forsøksjorda var morene med relativt mykje humus og middels leirinnhald. Det vart gjødsla etter bladanalsysar og vatna etter behov. Buskane vart ikkje sprøyte mot soppar eller skadedyr, og det vart nytta simazin mot ugraset i feltet. Avlinga vart bankehausta heile forsøks-

perioden, og bærstorleiken vart kvart år bestemt etter teljing og veging av bær frå 25 klasar pr rute. Dette materialet vart også nytta for å rekna ut prosent kartfall. Analyse av løyst tørrstoff i friske bær vart utførde ved hjelp av handrefraktometer (ATAGO PR-1), og buskforma vart vurdert etter poengskala 0 - 5 ved hausting i tre år.

## RESULTAT

Buskane vart forsøkshausta alt frå første året etter planting og avlingane var difor små dei to første åra (tabell 10). Seinare gav fleire av sortane svært gode avlingar, og i middel for dei fem åra gav tre av sortane større avling enn målestokksorten Raud Hollandsk. Bæra var heller små hjå dei fleste av sortane i forsøket, men tre av dei hadde større bær enn Raud Hollandsk (tabell 11). Det var liten skilnad i prosent løyst tørrstoff mellom sortane, og berre Rolan hadde statistisk sikkert lågare innhald enn Raud Hollandsk (tabell 12). Tabell 12 syner også variasjonen i kartfall mellom sortane. Alle sortane i forsøket hadde bra opprett veksemåte. Resistensen mot bærbuskebladfall var svak hjå sortane Red Start, Rubin, Rolan og Rovada, og dette var viktigaste årsaka til at dei vart vraka som aktuelle sortar.

Tabell 10. Avling (kg/daa) i fem år hjå sju ripssortar på Kise  
Table 10. Yield (kg/0.1 ha) in five years of seven redcurrant cultivars at Kise

Sortar <i>Cultivars</i>	År      Years					Middel <i>Mean</i>
	1987	1988	1989	1990	1991	
Raud Hollandsk	131	278	891	424	1.101	565
Gullan	309	220	549	309	816	440
Red Start	47	143	346	347	113	199
Rolan	129	437	1.000	1.106	617	658
Rosetta	209	727	1.200	1.191	708	811
Rovada	92	343	1.093	723	1.040	658
Rubin	167	259	666	408	641	428
Middel <i>Mean</i>	155	344	823	644	719	
LSD 5%	65	78	271	239	207	81

## 208 Dyrkingsverdien av ripssortar

Tabell 11. Bærstorleik (gram/100 bær) hjå sju ripssortar i fem år på Kise

Table 11. Berry size (g/100 berries) in five years of seven redcurrant cultivars at Kise

Sortar <i>Cultivars</i>	År Years					Middel Mean
	1987	1988	1989	1990	1991	
Raud Hollandsk	74	57	47	47	62	57
Gullan	68	67	44	44	48	54
Red Start	83	53	37	36	28	47
Rolan	103	63	58	55	76	71
Rosetta	103	91	72	66	69	80
Rovada	98	127	68	56	67	83
Rubin	57	57	36	41	41	46
Middel Mean	84	73	52	49	56	
LSD 5%	18	32	7	15	10	8

Tabell 12. Prosent løyst tørrstoff og kartfall, poeng for vekseform og resistens mot bærbusksbladfallsopp hjå sju ripssortar på Kise (middel av tre år)

Table 12. Content of soluble solids and running-off (%), scores for growth habit and resistance to leaf spot of seven redcurrant cultivars at Kise (means of three years)

Sortar <i>Cultivars</i>	Løyst tørrstoff <i>Soluble solids</i>	Kartfall <i>Running-off</i>	Bladfallsopp <sup>1)</sup> <i>Leaf spot<sup>1)</sup></i>	Vekseform <sup>1)</sup> <i>Growth habit<sup>1)</sup></i>
			<i>Leaf spot<sup>1)</sup></i>	<i>Growth habit<sup>1)</sup></i>
Raud Hollandsk	12,2	41	4,8	3,5
Gullan	13,0	31	4,5	3,0
Red Start	12,5	29	1,2	4,1
Rolan	11,2	49	3,9	3,0
Rosetta	12,1	26	4,3	3,1
Rovada	13,0	26	4,1	3,2
Rubin	11,7	39	2,2	4,2
Middel Mean	12,3	34	3,6	3,4
LSD 5%	1,0	8	0,8	0,6

1) poeng 1-5, høge verdiar = høg resistens og opprett vekst

1) score 1-5, high values = high resistance and erect growth habit

## Forsøk 5

### MATERIAL OG METODE

To år gamle buskar av 9 ripssortar vart våren 1984 planta i eit blokkforsøk med tre gjentak ved Ullensvang forskingsstasjon. Det vart nytta to buskar pr rute og planteavstanden var 2 x 4 m. Det vart halde ei ein meter breid vegetasjonsfri stripe langs radene med bruk av

spiregift, og i køyregangen var det kortklift grasdekke. Jorda i feltet var leirhaldig sandjord med høgt innhold av organisk materiale, og det vart årleg gjødsla med 13 kg N pr da i fullgjødsel 13-6-16. Forsøket vart ikkje dekka mot fugl. Avlinga vart ein del redusert av den grunn, og vart difor registrert ved poengdøming straks før modning dei to siste åra. Bærstorleiken vart funnen ved veging og teljing av bær frå 50 klasar pr rute. Løyst tørrstoff vart analysert med handrefraktometer på friske, modne bær. Ved hausting vart det gjeve poeng for buskform og resistens mot bærbuskbladfallsopp etter skala 0 - 5.

## RESULTAT

Dei registrerte avlingane var små på grunn av fugl (tabell 13), men når avlingsevna dei to siste åra vart karakterisert ved poeng, vart fleire av sortane vurdert til å gje gode avlingar, med Jotun som den beste. Innhaldet av løyst tørrstoff var høgst hjå målestokksorten Raud Hollandsk og lågt hjå Jotun. Veksemåten vart vurdert som betre hjå Jotun enn hjå målestokksorten, medan resistens mot bladfallsoppen vart vurdert likt hjå dei to sortane (tabell 14). Fleire av dei andre sortane i forsøket synte betre resistens mot denne soppen.

## Forsøk 6

### MATERIAL OG METODE

Forsøket vart planta som eit observasjonsforsøk i Skånevik våren 1984, og plantene var frå same materialet som i forsøk 5. Forsøket hadde seks buskar pr sort og var utan gjentak. Planteavstanden var 2 x 4 m. Jorda i feltet var leirhaldig sandjord med høgt innhold av organisk materiale og det vart årleg gjødsla med 10 kg N pr da i fullgjødsel 13-6-16. Dyrkingsmåten var elles som i forsøk 5.

## RESULTAT

Buskane i forsøket kom straks i god vekst, og feltet var svært jamt. Forsøket vart forsøkshausta i 1986 og 1987 og resultata er presenterte i tabell 15. Målestokksorten Raud Hollandsk og den kvite sorten Gullan gav størst avling og store bær, men veksemåten hjå Gullan var svært nedliggjande. Best vekst hadde sortane Jotun, Rødluvan og Rondom, men også Raud Hollandsk og Nortun hadde bra opprett veksemåte. Det var mykje skade av bladfallsopp i feltet, og Raud Hollandsk synte best resistens.

## DRØFTING OG KONKLUSJON

I forsøk 1 hadde dei beste seleksjonane store klasar (tabell 2) og gav gode avlingar (tabell 1), men nokre av dei var også svake i viktige eigenskapar. Øydvin (1978) peika på positive og negative eigenskapar med dei tre navngjevne seleksjonane, og våre observasjonar høver godt med hans. Seleksjonen Jotun stadfesta i forsøk 2 det gode inntrykket frå forsøka 10 år tidlegare (forsøk 1), og seleksjonen var svært lik Raud Hollandsk i dei fleste eigenskapar (tabell 3 og 4). Seleksjonen Nortun hadde god buskform og større bær enn Jotun og Raud Hollandsk. Seleksjonen har også gode eigenskapar som dessertbær (Nestby 1994). Kvalitesgranskingar har synt lågt innhald av tørrstoff og vitamin C og lågt sukker/syre forhold hjå Jotun (Leisner 1984, Leisner & Heiberg 1986). Seleksjonen er svært lik Raud Hollandsk i fleire eigenskapar og bør vera eit supplement til denne sorten for dyrking i Sør- og Midt-Noreg. Nortun kan vera eit alternativ i område der faren for vinterskade er liten. Dei andre norske seleksjonane er ikkje gode nok for dyrking.

Ei rekke sortar av ulikt opphav vart prøvde i tre landsdeler i forsøk 3. Same forsøket låg og på Ås der granskingsa av kvalitetseigenskapar vart utførde (Leisner 1984, Leisner & Heiberg 1986). Avlingsregistreringane synte få samspel av sort og vekseplass, men sikkert samspel av sort og år. Både på Kise og Kvithamar skilde Stanza seg ut med stor avling og med middels store klasar og bær. I forsøket på Ås syntet sorten bra kvalitet, med særleg god saftfarge (Leisner & Heiberg 1986). Sorten kan vera aktuell i privathagar, men han er dverre svak både mot mjøldogg og bladfallsopp (tabell 9). Laxton nr 1 gav også større avling enn Raud Hollandsk på Kise, men sorten var sterkt skadd av bærbuskbladfallsoppen, hadde små bær og svært små klasar. Både Stanza og Laxton nr 1 var dessutan vanskelege å hausta med bankehausting (tabell 6). I forsøket på Njøs gav Raud Hollandsk størst avling, men bæra var små. Denne sorten syntet i forsøket på Kvithamar god resistens mot både mjøldogg og bærbuskbladfallsopp. Veksten er opprett og buskane har sterke greiner.

Det siste forsøket på Kise bekrefte dei gode eigenskapane hjå Raud Hollandsk, men både Rolan, Rosetta og Rovada hadde større bær og gav høgare avling. Rolan hadde lågt innhald av løyst tørrstoff, men sorten hadde god resistens mot bærbuskbladfallsopp. Fleire av sortane i dette forsøket er interessante for grundigare prøving, og særleg bør kvalitetten granskast nærare for å styrkja grunnlaget for vurdering av sortane.

Forsøka på Vestlandet (tabell 13 - 15) syntet varierande inntrykk av fleire av sortane, men Raud Hollandsk stadfesta også i desse forsøka at avlingsevna er god, at bæra er berre middels store, innhaldet av løyst tørrstoff er høgt, og at sorten har god resistens mot bladsjukdomar. Målestokksorten Raud Hollandsk var såleis alt i alt mellom dei beste sortane i alle forsøka.

Tabell 13. Avling (kg/daa, middel 1986-87), avling (poeng, middel 1988-89) og bærstørlek (gram/100 bær, middel av tre år) hjå 10 ripssortar ved Ullensvang  
*Table 13. Yield (kg/0.1 ha, means 1986-87), yield (score, means 1988-89) and berry size (g/100 berries, means of three years) of ten redcurrant cultivars at Ullensvang*

Sortar <i>Cultivars</i>	Avling Yield			Bærstørlek
	kg	Poeng <sup>1)</sup>	Score <sup>1)</sup>	
Raud Hollandsk	170	3,9	51	
Jotun	130	4,9	51	
Fortun	299	4,4	62	
Nortun	269	3,7	60	
Gullan	250	4,0	69	
Rødluvan	324	4,1	37	
Jonkheer van Tets	361	4,1	66	
Stanza	305	4,0	49	
Red Lake	164	3,7	59	
Middel <i>Mean</i>	227	3,9	56	

<sup>1)</sup> poeng 0-5, høge tal = god avling

<sup>1)</sup> score 0-5, high score = good yield

Tabell 14. Prosent løyst tørrstoff, veksemåte og resistens mot bladfallsopp (poeng) hjå 10 ripssortar ved Ullensvang

*Table 14. Content of soluble solids (%), growth habit and resistance to leaf spot (score) of ten redcurrant cultivars at Ullensvang*

Sortar <i>Cultivars</i>	Løyst tørrstoff <i>Soluble solids</i>	Veksemåte <sup>1)</sup> <i>Growth habit<sup>1)</sup></i>		Bladfallsopp <sup>1)</sup> <i>Leaf spot<sup>1)</sup></i>
		Poeng <sup>1)</sup> <i>Score<sup>1)</sup></i>	Bladfallsopp <sup>1)</sup> <i>Leaf spot<sup>1)</sup></i>	
Raud Hollandsk	15,2	6,1	5,1	
Jotun	11,3	7,7	5,1	
Fortun	12,2	6,1	6,2	
Nortun	12,6	6,2	6,0	
Gullan	11,7	5,5	6,9	
Rødluvan	13,4	3,9	3,7	
Jonkheer van Tets	11,0	5,5	6,6	
Stanza	10,3	5,4	4,9	
Red Lake	12,8	6,1	5,9	
Middel <i>Mean</i>	12,3	6,0	5,6	

<sup>1)</sup> poeng 0-9, høge poeng = opprett vekst og friske buskar

<sup>1)</sup> score 0-9, high score = high resistance and erect growth habit

## 212 Dyrkingsverdien av ripssortar

Tabell 15. Avling (kg/daa), bærstorleik (gram/100 bær), veksemåte og resistens mot bladfallsopp (poeng) hjå 10 ripssortar ved Skånevik. Middel av to år

Table 15. Yield (kg/0.1 ha), berry size (g/100 berries) growth habit and resistance to leaf spot (score) of ten redcurrant cultivars at Skånevik (means of two years)

Sortar Cultivars	Avling Yield	Bærstorleik Berry size	Veksemåte <sup>1)</sup> Growth habit <sup>1)</sup>	Bladfallsopp <sup>1)</sup> Leaf spot <sup>1)</sup>
Raud Hollandsk	575	73	7,0	7,7
Jotun	163	60	8,0	7,0
Fortun	275	65	5,3	5,5
Nortun	488	84	7,3	6,0
Gullan	675	78	2,8	6,2
Rødluvan	338	31	8,0	5,5
Jonkheer van Tets	423	77	5,3	7,0
Stanza	525	74	4,8	6,2
Rondom	150	58	8,0	6,5
Middel Mean	363	75	6,5	6,3

<sup>1)</sup> sjå tabell 14 <sup>1)</sup> see Table 14

## OMTALE AV SORTANE

- Cascade: Amerikansk sort fra 1942, (*Ribes sativum* x *R.s. macrocarpum*) etter fri pollinering av Diploma. Sorten har kraftige og bra opprette buskar, er middels tidleg, gjev lita avling av store, lyse og syrlege bær av god kvalitet. Sorten har svak resistens mot bladsjukdomar og er ingen aktuell sort.
- Fay's Prolefic: Gammal amerikansk sort (*Victoria* x *Cherry*) med mange synonym. Sorten har middels kraftige buskar med lite opprett vekst. Tidleg sort som gjev lita avling av syrlege, gode bær. Sorten har svak resistens mot bladsjukdomar og er ingen aktuell sort.
- Fortun(8/54/69): Norsk kryssing fra 1966, (Raud Hollandsk x Jonkheer van Tets). Buskane er middels kraftige med nokså utbreidd vekst. Sorten er svært tidleg med middels bærstorleik og avling av lysraude bær. Sorten er lite aktuell for dyrking.
- Gullan: Svensk sort med kvite bær. Sorten har middels kraftig vekst og buskar med bra opprett vekst. Sein sort med middels avling. Bæra har mykje løyst tørrstoff, men er svært sure. Sorten har god resistens mot bladsjukdomar, men har truleg liten dyrkingsverdi.

- Heros: Gammal, tysk sort med låge og breide buskar med middels opprett vekst. Sorten er tidleg, men gjev lite avling av lyse, middels store bær. Sorten har god sjukdomsresistens, men er ingen aktuell sort.
- Jonkheer van Tets: Eldre, hollansk sort (Fay's Prolific x ukjend). Veksten er kraftig og buskane bra opprette. Eldre greiner har ofte lett for å brekka ved basis. Sorten gjev tidleg og middels til god avling av middels store bær med lågt innhold av løyst tørrstoff. Bra resistens mot bladsjukdomar. Vert ofte frostskadd og er berre aktuell i gode strok.
- Jotun (6/55/70): Norsk kryssing frå 1966 (Raud Hollandsk x Jonkheer van Tets). Veksten er middels kraftig og opprett. Sorten er middels tidleg, har middels til god avling, store klasar og middels bærstorleik. Sjukdomsresistensen er god og sorten er svært lik Raud Hollandsk i fleire eigenskapar. Sorten er aktuell for vidare prøving og dyrking.
- Laxton's nr 1: Gammal engelsk sort med middels kraftige buskar og litt utbreidd vekst. Sorten er tidleg, har middels store bær med god smak og aroma. Sorten har svært svak resistens mot bladsjukdomar og er lite hardfør. Ingen aktuell sort.
- Laxton's Perfection: Gammal engelsk sort med svært utbreidd, ofte nesten flat vekst. Sorten er tidleg, har svært store, mørkerauda bær og oftast lite avling. Sorten er svak mot bladsjukdomar og lite hardfør. Ingen aktuell sort.
- Marses Prominent: Hollandsk sort (Jonkheer van Tets x Fay's Prolific). Buskane er låge og breide, men har likevel tett og opprett vekst. Sorten er tidleg til middels tidleg, bæra er helst store og lyst rauda. Sorten er utsett for virus og har liten dyrkingsverdi.
- Nortun (6/20/69): Norsk kryssing (Raud Hollandsk x Jonkheer van Tets) frå 1966 med middels kraftig og litt utbreidd vekst. Seleksjonen er tidleg, gjev middels avling av bra store bær med god spisebærkvalitet. Buskane vert stundom skadde om vinteren, har god resistens mot bladfallsopp og har dyrkingsverdi i strok med liten fare for vinterskade.
- Raud Hollandsk: Svært gammal hollandsk sort av ukjent opphav. Buskane er kraftige med bra opprett vekst. Bæra modnar middels tidleg og sorten gjev oftast stor avling av middels store bær. Svært frisk busk som overvintrar godt. Framleis ein viktig sort.
- Red Cross: Gammal amerikansk sort (Cherry x White Grape) med svak og ofte utbreidd vekst. Avlinga er middels og bæra litt små. Sorten har svært svak resistens mot både mjøldogg og bladfallsopp og er ingen aktuell sort.

## 214 Dyrkingsverdien av ripssortar

- Red Lake: Gammal, amerikansk sort av ukjent opphav med middels kraftig og opprett vekst. Blada er lyse og skotspissane sterkt raude. Avlinga er varierande, oftest under middels og bæra er små. Sorten har svært svak resistens både mot mjøldogg og bladfallsopp og er ingen aktuell sort.
- Red Start: Engelsk sort med middels kraftig, opprett vekst. Sorten gav svært lita avling og små bær i forsøka. Resistensen både mot mjøldogg og bladfallsopp er svak, og sorten er ikke aktuell for dyrking.
- Rolan: Ny, hollandsk sort (Fay's Prolific x Heinemanns Rote Spätlese). Veksten er kraftig og bra opprett. Sorten er tidleg med middels til stor avling av middels store bær. Innhaldet av løyst tørrstoff var lågt og sorten hadde stort kartfall i forsøka. Resistensen mot bærbusk-bladfallsopp var middels, og sorten bør prøvast vidare.
- Rondom: Gammal hollandsk sort med svært kraftig og utbreidd vekst. Sorten gjev oftest stor avling. Bæra veks på runde klasar og er sure og lyse. Buskane er middels vinterherdige og har bra resistens mot bladfallsopp. Bærkvaliteten er for dårlig og sorten er ikke aktuell for dyrking.
- Rosetta: Nyare hollandsk sort med kraftig og bra opprett vekst. Sorten er sein, men gjev stor avling og store bær. Buskane har god resistens mot bærbuskbladfallsopp, men er litt lite vinterherdige. Sorten er interessant og bør prøvast vidare.
- Rovada: Ny, hollandsk sort (Jonkheer van Tets x Rosetta) med middels kraftig og noko utbreidd vekst. Sorten er sein med middels til god avling av store bær med mykje løyst tørrstoff. Buskane har middels til god resistens mot bærbuskbladfallsopp, og sorten bør prøvast vidare.
- Rubin: Nyare hollandsk sort med middels kraftig og opprett vekst. Sorten er tidleg, gjev middels avling og svært små bær med lite løyst tørrstoff. Resistensen mot bærbuskbladfallsopp er svak, og sorten er ikke aktuell for dyrking.
- Russ nr 1: Russisk sort ("Stjedraja"). Veksten er kraftig, svært tett og utbreidd. Bæra modnar middels tidleg, avlinga er varierande og bæra har bra storleik. Sorten er noko resistent mot mjøldogg og bladfallsopp, men er ingen aktuell sort.

- Russ nr 2: Russisk sort med middels kraftig vekst, lita til middels avling og små bær med høgt tørrstoffinnhald. Sorten har bra resistens mot mjøldogg og bladfallsopp, men er ingen aktuell sort.
- Rødluvan: Svensk sort med middels kraftig og opprett vekst. Avlinga er varierande og bæra svært små. Sorten har svak resistens mot bladfallsopp og er ingen aktuell sort.
- Stanza: Nyare, fransk sort med kraftig og svært utbreidd vekst. Sorten er sein med god avlingsevne og middels store, sure bær med god aroma. Buskane har svak resistens mot mjøldogg og bladfallsopp, og sorten bør prøvast vidare.
- 4/13/69: Norsk kryssing (Raud Hollandsk x Jonkheer van Tets) med middels kraftig og opprett vekst. Seleksjonen har middels avling og bærstørleik, og er vraka for dyrking. Seleksjonen er ein svært vakker busk som kan høva til pryd.
- 9/37/69: Norsk kryssing (Raud Hollandsk x Jonkheer van Tets) med middels kraftig og utbreidd vekst. Seleksjonen har middels avling og store bær, men er vraka på grunn av veksemåten.

## SAMANDRAG

Til saman 24 sortar og seleksjonar av raudrips og ein kvitripssort har vore verdiprøvde i ei rekke forsøk i ulike landsdeler i Sør- og Midt-Noreg i perioden 1974-1991. Alle sortane vart prøvde ved Kise, 13 vart prøvde ved Kvihamar og 19 på Vestlandet (Njøs, Ullensvang og Skånevik). Dei fleste sortane synte svak resistens mot bladfallsopp og vart difor vraka. Svært mange sortar hadde dårlig veksemåte, nokre gav for lite avling eller hadde for dårlig kvalitet, og eit par sortar fekk stor vinterskade. Berre nokre få sortar er tilrådd dyrka, og nokre er tilrådde for vidare prøving. Alle sortane har fått ein kort omtale med tilråding for dyrking eller vidare prøving.

## LITTERATUR

- Groven, I., & G. Buck 1972. Sortsforsøg med ribs. Tidsskr. Planteavl 76: 209-220.
- Leisner, M. 1984. Sortsvurdering i rødrips. Institutt for fruktdyrking NLH. Hovedoppgåve 42 s.
- Leisner, M. & N. Heiberg 1986. Sortsvurdering i rødrips. Frukt og Bær 1986, 11-17.
- Nestby, R. 1994. Personleg melding.

216 Dyrkingsverdien av ripssortar

Samuelson, R. 1983. Rips i nord. Frukt og Bær 1983, 17-19.

Samuelson, R. 1986. Wild Currant (*Ribes spicatum* Robs.) registration and collecting for breeding and domestication in the artic Norway. Acta Horticulturae 183, 33-37.

Samuelson, R., I.L. Andersen, K. Rapp & O. Østgård 1987. Arter og sorter av fôrvekster, matvekster og plengras for det nordlige Nord-Norge. Holt forskingsstasjon. Stensiltrykk nr. 1, 23 s.

Thorsrud, J. 1969. Sorts- og jorddekkingsforsøk med rips planta som hekk. Forsk. Fors. Landbr. 20: 323-329.

Valset, K. 1973. Ripssortar. Institutt for fruktdyrking NLH. Stensiltrykk nr 18, 16 s.

Øydvin, J. 1974. Avkomstgransking i rips. Forsk. Fors. Landbr. 25: 219-237.

Øydvin, J. 1978. Skildring av tre nye ripskultivarar, 'Fortun', 'Nortun' og 'Jotun', og kjennemerke på foreldra. Gartneryrket 68 (16), 452-57.

# Dyrkingssystemfelt for økologisk landbruk Karakterisering av ugrasfloraen ved start av felta

HALDOR FYKSE & KJELL WÆRNHUS  
Statens plantevern, Avdeling ugras, Ås, Norge

Fykse, H. & K. Wærnhus 1994. Dyrkingssystemfelt for økologisk landbruk. Karakterisering av ugrasfloraen ved start av felta. Norsk landbruksforskning 8: 217-233.  
ISSN 0802-5333.

Forskningsutvalet for økologisk landbruk vedtok i 1992 å leggja ut 3 dyrkingssystemfelt - eitt på Voll/NLH, eitt på SFL Landvik og eitt på SFL Kvithamar. I den samanhengen var det ønskjeleg å få kartlagt ugrassituasjonen m.o.t. frøugras, rotugras og frøbank, slik den var før forsøksaktiviteten starta opp. Målet var å få fram opplysningar som på den eine sida kunne nyttast ved planlegginga av framtidig forsøksarbeid på felta, og på den andre tena som referanse seinare. Arbeidet i marka vart gjennomført sommaren 1993. Alle felta hadde då vårkorn over det heile.

Statens plantevern, Avdeling ugras fekk i oppdrag å utføra kartleggingsarbeidet som NFR har støtta med 70.000 kr.

## METODIKK

Kvart felt var delt inn i 6 skifte - på Voll nummerert frå 24 til 29, på Landvik frå 1 til 6 og på Kvithamar frå 8.1 til 8.3 og frå 9.1 til 9.3. Skifta var dessutan med tanke på framtidig bruk delt inn i eit referanseareal og eit forsøksareal.

For å kunna stadfesta ugrasobservasjonane vart kvart skifte lagt inn i eit koordinatsystem ved hjelp av tenkte liner både på langs og på tvers. Observasjonsrutene, der frøugraset vart talt og jordprøvene til studium av frøbanken vart tatt ut, blei lagt til skjeringspunktene mellom linene i dette koordinatsystemet. Skifteinndelinga og koordinatsystemet går elles fram av fig. 1 - 3.

**Frøugraset** vart identifisert og talt på 4-bladstadiet for kornet innanfor ei ramme på 0,5 m x 0,5 m.

**Rotugraset** vokser dels som enkeltplanter og dels i større eller mindre flekkar. Det vart registrert på gulmodningsstadiet for kornet og posisjonen fastlagt ved hjelp av koordinatsystemet som er nemnt ovanfor.

**Frøbanken.** Jordprøver til analyse av frømengda i jorda vart tatt ut til 10 cm djup frå annankvar observasjonsrute samtidig med registreringa av frøugraset. I tida mellom uttaket

## 218 Dyrkingssystemfelt for økologisk landbruk

av jordprøvene og starten av analysen (ca 1 veke), låg jorda på kjølelager ved +5°C. Sjølv om analysen vart gjennomført som omtala hos Fykse (1993).




Fig. 1. Oppdeling av feltet på VOLL, østre skifte, forsøks- og referanseareal, og med koordinatsystemet inntekna




Fig. 2. Oppdeling av feltet på Landvik i skifte, forsøks- og referanseareal, og med koordinatsystemet inntekna




Fig. 3. Oppdeling av feltet på Kvithamar i skifte, forsøks- og referanseareal, og med koordinatsystemet inntekna

## RESULTAT

### Ugras registrert på åkeren

#### *Frøugras*

Resultata blir i hovudsak presentert i tabellar. For lettare å sjå både samanhengar og skilnader mellom felta/skifta blir alle artene som vart registrerte i dei tre felta, ført opp i dei fleste tabellane. Dessutan vil fordelinga av den samla mengda av frøugras i eit felt/skifte bli framstilt ved hjelp av konturplott.

#### **Artssamsetnaden i felta - kvart felt sett under eitt**

Tabell 1 syner namnet på alle artene som vart registrert i felta, og frekvensen av kvar art i dei ulike felta.

Kvithamar viste seg som det mest artsrike feltet med 19 arter. Voll og Landvik hadde etter tur 15 og 14 arter, men langt frå alle artene var like vanlege.

Feltet på **Voll** var dominert av 4 arter: Då-arter, meldestokk, raudtvitann og åkerstemorsblom - med den siste som mest vanleg, i det den vart funnen i 77 % av observasjonsrutene.

På **Landvik** peika særleg 6 arter seg ut: Gjetartaske, linbendel, meldestokk, raudtvitann, vassarve og åkersvineblom. Den første av desse var utruleg sterkt representert på feltet - i heile 99 % av observasjonsrutene.

## 220 Dyrkingssystemfelt for økologisk landbruk

Tabell 1. Namn og frekvens<sup>1)</sup> av dei ulike frøugrasartene i felta

Ugrasart:	Voll	Landvik	Kvithamar
Balderbrå	2	.	.
Då-arter	30	6	72
Gjetartaske	2	99	8
Hønsegras	.	6	6
Jordrøyk	8	.	50
Klengjemaure	9	.	.
Linbendel	4	68	35
Meldestokk	47	81	77
Raudtvitann	37	40	55
Rybs	.	11	4
Stivdylle	.	.	19
Svartsetvier	.	2	.
Tunbalderbrå	8	12	53
Tungras	.	14	64
Vassarve	17	67	47
Vasspepar	.	.	2
Vindeslirekne	4	2	15
Åkergull	1	.	1
Åkerminneblom	.	.	35
Åkerstemorsblom	77	26	11
Åkersvineblom	6	44	6
Åkervortemjølk	4	.	3
Tal arter i fletet	15	14	19

1) Talet på observasjonsruter der vedkomande art vart funnen, rekna i prosent av det samla talet på observasjonsruter i fletet

Feltet på **Kvithamar** hadde ikkje berre flest arter totalt sett, men eit større tal arter var også jamnare fordelt over arealet (hadde høge frekvensar) enn i felta på **Voll** og **Landvik**. Dei vanlegaste artene på Kvithamar var: Då-arter, jordrøyk, linbendel, meldestokk, raudtvitann, tunbalderbrå, tungras, vassarve og åkerminneblom. Meldestokk og då-arter førekjem aller oftast - på etter tur 77 og 72 % av observasjonsrutene.

### Artssamsetnaden på kvart skifte i fletet

I tabellane 2, 3 og 4 er namn og frekvens av dei ulike artene på kvart skifte i dei 3 felta ført opp.

Artstalet i fletet på **Voll** (tab. 2) var størst på skifta som grensa mot ytterkantane - skifte 24, 25 og 29. Frekvensen av dei ulike artene følgde i store drag det same mønsteret, men utan unntak var regelen ikkje. Det mest slåande unntaket viste åkerstemorsblom, som var tolleg jamt fordelt på alle skifte, men hadde trass alt høgare frekvens på midten enn i ytterkantane av fletet.

I fletet på **Landvik** (tab. 3) hadde skifte 5 flest og skifte 4 og 6 færrest arter. Det mest karakteristiske ved dette fletet, jamfört med dei to andre, er at dei artene som dominerte, var sterkt representerte på alle skifte - med ein frekvens heilt oppe i 100 for to

av artene (gjetartaske og meldestokk) på fleire av skifta. Skifte 6 skilde seg likevel markert ut frå dei andre ved at frekvensen av ugras som var viktige for feltet totalt sett, her var til dels langt mindre vanleg. Åkersvineblom vart t.d. ikkje funnen i det heile i observasjonsrutene på skifte 6.

Tabell 2. Namn, frekvens<sup>1)</sup> og tal frøugras i skifta på VOLL

Ugrasart\skifte	24	25	26	27	28	29
Balderbrå	3	6	.	.	.	3
Då-arter	12	21	28	27	57	40
Gjetartaske	.	3	.	.	3	.
Hønsegras	.	.	.	.	.	.
Jordrøyk	12	12	6	.	3	13
Klengjemaure	21	12	9	7	3	3
Linbendel	.	6	6	6	.	3
Meldestokk	73	56	22	13	33	83
Raudtvitann	50	41	22	27	40	40
Rybs	.	.	.	.	.	.
Stivdylle	.	.	.	.	.	.
Svartsøtvier	.	.	.	.	.	.
Tunbalderbrå	6	6	.	3	3	30
Tungras	.	.	.	.	.	.
Vassarve	6	21	13	17	27	20
Vasspepar	.	.	.	.	.	.
Vindeslirekne	3	3	.	3	7	7
Åkerfull	3	.	.	.	.	.
Åkerminneblom	.	.	.	.	.	.
Åkerstemsblom	71	76	75	87	83	70
Åkersvineblom	6	15	.	3	.	13
Åkervortemjølk	3	.	.	3	3	13
Tal arter i kvart skifte	13	13	8	11	11	13

<sup>1)</sup> Talet på observasjonsruter der vedkomande art vart funnen rekna i prosent av det samla talet på observasjonsruter i skifte

På **Kvithamar** (tab. 4) varierte artstalet mellom skifta heller mykje - frå berre 10 arter i skifte 8.2 til 18 i skifte 9.3. Fordelinga av arter som i feltet totalt sett hadde høg frekvens, varierte også meir mellom skifta her enn i dei to andre felta. Såleis mangla linbendel i skifte 8.2 og åkerminneblom i skifte 8.1, 8.3 og 9.1. Dei artene som varierte minst over feltet, var då-arterne, jordrøyk, meldestokk og vassarve.

## 222 Dyrkingssystemfelt for økologisk landbruk

Tabell 3. Namn, frekvens<sup>1)</sup> og tal frøugras i skifta på LANDVIK

Ugrasart\skifte	1	2	3	4	5	6
Balderbrå	.	.	.	.	.	.
Då-arter	.	.	25	.	7	.
Gjetartaske	100	100	100	100	100	94
Hønsegras	.	17	6	.	7	6
Jordrøyk	.	.	.	.	.	.
Klengjemaure	.	.	.	.	.	.
Linbendel	67	92	88	83	86	11
Meldestokk	75	100	81	100	100	44
Raudtvitann	58	33	44	75	21	22
Rybs	8	.	50	.	.	.
Stivdylle	.	.	.	.	.	.
Svartsøtvier	.	.	.	.	7	6
Tunbalderbrå	8	8	19	25	14	.
Tungras	17	42	.	17	7	11
Vassarve	67	92	88	92	64	17
Vasspepar	.	.	.	.	.	.
Vindesirekne	.	8	.	.	7	.
Åkerfull	.	.	.	.	.	.
Åkerminneblom	.	.	.	.	.	.
Åkerstemorsblom	50	17	13	58	21	11
Åkersvineblom	67	25	56	83	50	.
Åkervortemjølk	.	.	.	.	.	.
Tal arter i kvart skifte	10	11	11	9	13	9

<sup>1)</sup> Talet på observasjonsruter der vedkomande art vart funnen rekna i prosent av det samla talet på observasjonsruter i skiftet

### Mengde ugras i heile feltet sett under eitt

Gjennomsnittleg ugrasmengde, uttrykt som planter pr m<sup>2</sup>, for kvart felt var lågast på Voll og høgst på Landvik. Kvithamar kom i ein mellomstilling, jfr. tabell 5.

På **Voll** dominerte åkerstemorsblom med 30 planter pr. m<sup>2</sup> i gjennomsnitt, deretter kom raudtvitann med 9 og meldestokk med 7 planter pr m<sup>2</sup>. Raudtvitann var mindre vanleg (hadde lågare frekvens) enn meldestokk (jfr. tab.1), men stod altså tettare der den var.

I feltet på **Landvik** dominerte gjetartaske sterkt med sine 147 planter pr m<sup>2</sup>. Meldestokk kom også tett, medan mengda av linbendel og vassarve, som begge var heller vanlege i feltet, var lågare. Mangelen på samsvar mellom frekvens og mengde var elles endå større for åkerstemorsblom som førekomm mange stader, men i få eksemplar.

På **Kvithamar** stod tunbalderbrå tettast. Med gjennomsnittleg 45 planter pr m<sup>2</sup> var plantetalet faktisk over dobbelt så høgt som av dei 2 neste artene, meldestokk og raudtvitann, som begge hadde 18 planter m<sup>2</sup>. Av dei andre vanlege artene på feltet førekomm berre tungras og då-artene i nemnande mengder.

Tabell 4. Namn, frekvens<sup>1)</sup> og tal frøugras i skifta på KVITHAMAR

Ugrasart\skifte	8.1	8.2	8.3	9.1	9.2	9.3
Balderbrå	.					
Då-arter	44	94	94	71	76	59
Gjetartaske	.	.	.	4	16	19
Hønsegras	19	.	6	8	.	7
Jordrøyk	88	69	25	45	52	33
Klengjemaure	.	.	.	.	.	.
Linbendel	88	.	25	46	24	33
Meldestokk	56	69	81	88	76	85
Raudtvitann	38	88	69	13	60	70
Rybs	.	.	6	.	.	15
Stivdylle	.	.	38	8	12	19
Svartsøtvier	.	.	.	.	.	.
Tunbalderbrå	100	56	25	71	20	56
Tungras	75	69	44	29	64	96
Vassarve	56	69	44	42	40	41
Vasspepar	13	.	.	.	.	4
Vindeslirekne	6	.	.	29	36	7
Åkergull	.	.	.	.	.	4
Åkerminneblom	.	100	.	.	32	74
Åkerstemorsblom	.	13	13	13	20	7
Åkersvineblom	.	.	.	13	12	7
Åkervortemjølk	13	13	.	.	.	.
Tal arter i kvart skifte	12	10	12	12	14	18

<sup>1)</sup> Talet på observasjonsruter der vedkomande art vart funnen rekna i prosent av det samla talet på observasjonsruter i skiftet

### Mengde ugras på kvart skifte og arealtype

Tabellane 6, 7 og 8 gir opplysning om mengda av dei ulike ugrasartene på forsøks- og referansearealet i kvart skifte i dei 3 felta.

I feltet på **Voll** (tab. 6) hadde alle skifta, med unntak av skifte 28 og 29 meir ugras på referansearealet enn på forsøksarealet. Stort sett var det altså litt tettare med ugras i den vestlege enn i den austlege delen av feltet. Dette blir betre illustrert på konturplottet, der det også går fram at nokre stader i feltet hadde større konsentrasjonar av ugras enn andre, jfr. fig. 4. Mellom dei ulike skifta var det likevel ingen påfallande store skilnader. Feltet må difor kunna seiast å vera tolleg einsarta m.o.t. ugras.

224 Dyrkingssystemfelt for økologisk landbruk

Tabell 5. Gjennomsnittleg mengde av kvar art og sum alle frøugras for heile feltet sett under eitt<sup>1)</sup>

	Voll	Landvik	Kvithamar
<b>Ugras, planter/m<sup>2</sup></b>			
Balderbrå	0	.	.
Då-arter	3	0	11
Gjetartaske	0	147	0
Hønsegras	.	0	0
Jordrøyk	1	.	5
Klengjemaure	1	.	.
Linbendel	0	31	5
Meldestokk	7	82	18
Raudtvitann	9	5	18
Rybs	.	1	0
Stivdylle	.	.	1
Svartsøtvier	.	0	.
Tunbalderbrå	1	1	45
Tungras	.	1	14
Vassarve	1	19	5
Vasspepar	.	.	0
Vindeslirekne	0	0	1
Åkergull	0	.	0
Åkerminneblom	.	.	1
Åkerstemorsblom	30	5	1
Åkersvineblom	0	4	0
Åkervortemjølk	0	.	0
SUM ugras	53	295	127

<sup>1)</sup> 0 tyder færre enn 0,5 planter/m<sup>2</sup>, og . at planta manglar




Fig. 4. Konturplott som viser mengde og fordeling av alle ugras samlaa i feltet på Voll, østre

Tabell 6. Gjennomsnittleg mengde av dei ulike ugrasartene og sum alle frøugras på referanse-(Ref.) og forsøksareal (Fors.) innanfor kvart skifte på VOLL<sup>1)</sup>

	Skifte											
	24		25		26		27		28		29	
	Ref.	Areal	Ref.	Areal	Ref.	Areal	Ref.	Areal	Ref.	Areal	Ref.	Areal
<b>Ugras, planter/m<sup>2</sup></b>												
Balderbrå	.	0	1	.	.	.	.	.	.	.	.	0
Då-arter	0	1	1	1	0	2	1	1	6	11	1	3
Gjetartaske	.	.	.	0	.	.	0	.	.	0	.	.
Jordrøyk	0	1	1	1	1	.	.	.	.	0	.	.
Klengjemaure	2	2	.	1	0	0	.	0	.	0	4	0
Linbendel	.	.	1	.	1	.	2	.	.	.	.	0
Meldestokk	23	10	6	5	10	1	2	0	3	3	5	18
Raudtvitann	73	2	33	3	4	.	4	3	5	4	1	13
Tunbalderbrå	1	.	.	1	.	.	.	1	0	.	2	4
Vassarve	0	3	.	2	1	1	0	1	2	2	1	2
Vindeslirekne	.	0	.	0	.	.	.	0	1	.	0	0
Åkerfullgull	.	0	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.
Åkerstemorsblom	11	7	24	27	65	42	78	24	16	19	57	29
Åkersvineblom	3	.	0	1	.	.	.	0	.	.	.	1
Åkervortemjølk	.	0	.	.	.	.	.	0	0	.	1	0
SUM ugras	114	26	67	42	82	46	88	31	33	40	72	72

<sup>1)</sup> Talet 0 tyder færre enn 0,5 planter/m<sup>2</sup>, og . at planta manglar heilt

På **Landvik** (tab. 7) var det store skilnader mellom skifta, særleg mellom skifte 4 og 5 på den eine sida og skifte 6 på den andre. For alle ugras sett under eitt, var forholdet ca 10:1, og for spesielle arter, t.d. meldestokk og linbendel, var forholdet endå mykje større. Mellom referanseareal og forsøksareal på same skifte var skilnadene i ugrasmengde, når ein ser desse areala under eitt, ikkje påfallande stor. Forskjellen var størst i skifte 3 og 5. Kontur- plottet viser likevel at det innanfor eitt og same skifte kunne vera område med til dels store skilnader i ugrasmengde, jfr. fig. 5.

I feltet på **Kvithamar** (tab. 8) var det små skilnader innanfor alle skifte i samla ugrasmengde på forsøks- og referansearealet, unntatt i skifte 9.1, der forsøksarealet i gjennomsnitt hadde 3,5 gonger meir ugras enn referansearealet. Dette skuldast tunbalderbrå, som det fanst markert meir av i den vestlege delen av feltet. Skifte 9.1 hadde saman med skifte 8.1 mest ugras, og skifte 8.3 minst, men forskjellen mellom dei gjennomsnittlege ugrastala på kvart skifte var ikkje påfallande stor. Konturplottet gir eit meir nyansert bilet av skiftingane i ugrasmengda og viser at variasjonane går på tvers av både areal- og skiftegrenser, jfr. fig. 6.

## 226 Dyrkingssystemfelt for økologisk landbruk


Tabell 7. Gjennomsnittleg mengde av dei ulike ugrasartene og sum alle frøugras på referanse- (Ref.) og forsøks-areal (Fors.) innanfor kvart skifte på LANDVIK<sup>1)</sup>

	Skifte											
	1		2		3		4		5		6	
	Areal	Ref.	Areal	Fors.	Areal	Ref.	Areal	Fors.	Areal	Ref.	Areal	Fors.
<b>Ugras, planter/m<sup>2</sup></b>												
Då-arter	.	.	.	.	1	1	.	.	1	.	.	.
Gjetartasker	80	133	48	84	56	264	245	177	248	253	43	45
Hønsegras	.	.	.	1	.	0	.	.	.	0	.	0
Linbendel	21	9	81	83	16	30	30	56	66	18	.	1
Meldestokk	28	76	34	67	67	19	173	139	308	188	4	4
Raudtvitann	11	9	5	2	.	3	11	14	5	0	1	1
Rybs	1	.	.	.	1	9	.	.	.	.	.	.
Svartøstvier	.	.	.	.	.	.	.	.	.	0	.	0
Tunbalderbrå	.	2	.	1	.	2	3	4	1	0	.	.
Tungras	2	1	4	2	.	.	2	.	1	.	1	.
Vassarve	39	16	28	27	12	16	50	43	25	6	3	1
Vindeslirekne	.	.	1	.	.	.	.	.	.	0	.	.
Åkerstemorsblom	7	22	1	1	.	2	4	14	2	1	1	2
Åkersvineblom	2	8	1	1	2	4	7	12	5	5	.	.
SUM ugras	191	274	203	266	155	350	525	456	662	472	51	56

<sup>1)</sup> Talet 0 tyder færre enn 0,5 planter/m<sup>2</sup>, og . at planta manglar heilt

### Landvik - sum alle ugras, planter/kvm

N ←



### Koteverdiar

---

Fig. 5. Konturplott som viser mengde og fordeling av alle ugras samla i feltet på Landvik

Tabell 8. Gjennomsnittlig mengde av dei ulike ugrasartene og sum alle frøugras på referanse- (Ref.) og forsøksareal (Fors.) innanfor kvart skifte på KVITHAMAR<sup>1)</sup>

	Skifte											
	8.1		8.2		8.3		9.1		9.2		9.3	
	Ref.	Fors	Ref.	Fors	Ref.	Fors	Ref.	Fors	Ref.	Fors	Ref.	Fors
<b>Ugras, planter/m<sup>2</sup></b>												
Då-arter	4	2	15	16	28	16	15	5	5	19	3	10
Gjetartask	.	.	.	.	.	.	1	.	0	1	.	1
Hønsegras	3	0	.	.	.	0	.	1	.	.	.	0
Jordfrøyk	4	19	1	9	1	1	5	4	4	5	1	4
Linbendel	14	10	.	.	1	3	1	10	1	2	0	13
Meldestokk	5	11	8	10	5	16	29	17	10	15	8	43
Raudtvitann	.	4	20	37	20	8	2	1	47	35	10	22
Rybs	.	.	.	.	1	.	.	.	.	.	.	3
Stivdylle	6	3	1	0	4	4	1	0	.	1	.	2
Tunbalderbrå	92	122	5	14	1	2	5	185	2	2	2	25
Tungras	7	10	6	11	8	5	4	3	40	7	41	23
Vassarve	17	2	10	7	1	5	3	8	6	4	3	5
Vasspepar	1	2	.	.	.	.	.	.	.	.	.	0
Vindeslirekne	.	0	.	.	.	.	4	1	.	4	1	.
Åkergull	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	.	0
Åkerminneblom	.	.	6	2	.	.	.	.	.	1	2	4
Åkerstemorsblom	.	.	.	1	3	.	1	0	2	1	1	.
Åkersvineblom	.	.	.	.	.	.	.	2	1	0	.	0
Åkervortemjølk	.	0	1	.	.	.	.	.	.	.	.	.
SUM ugras	153	187	73	107	73	60	68	234	119	94	72	157

<sup>1)</sup> Talet 0 tyder færre enn 0,5 planter/m<sup>2</sup>, og . at planta manglar heilt

### Kvithamar - sum alle ugras, planter/kvm




Fig. 6. Konturplott som viser mengde og fordeling av alle ugras samla i feltet på Kvithamar

***Rotugras***

På **Landvik** var det ikkje noko rotugras å registrera.

På **Voll** vart det påvist både åkertistel, åkerdylle, åkersvinerot, hestehov og kveke. Ingen skifte var heilt reine for rotugras, men på dei fleste skifta voks plantene heller spreidt. Det aller meste og dei største samanhengande områda med rotugras fanst på skifte 29, dessutan i eit belte i sørenden av skifte 25. Berre skifte 29 inneheldt alle 5 artene.

På **Kvithamar** var kveka det dominerande rotugraset, men det fanst også ein god del åkerdylle, dessutan åkertistel, hestehov, krypsoleie, engsyre og høymole. Kveka voks i alle skifte, men mest i skifte 8.3, 9.1 og 9.3. Åkerdylla vart også påvist spreidt på alle skifte - dei fleste plantene likevel på skifte 8.1 og 9.1. Åkertistel og hestehov var stort sett lokalisert til skifte 9.1, medan krypsoleia og engsyra i hovudsak var avgrensa til referanseareala i skifte 9.2 og 9.3, med mindre flekkar i nord og sørvest på skifte 9.1.

***Frøbanken i jorda***

Resultatet av jordanalysen er for alle felt og arter sett under eitt framstilt i tabell 9. Talet på frø i alt var høgast på Landvik og lågast på Voll og Kvithamar. Kvithamar hadde rett nok litt fleire frø enn Voll, men for alle arter samla var skilnaden mellom desse to felta liten.

Tabell 9. Gjennomsnittleg frømengde pr m<sup>2</sup> til 20 cm djup i kvart av felta

	Voll	Landvik	Kvithamar
<b>Ugrasart</b>			
Balderbrå	735	588	1213
Då-arter	647	588	588
Gjetartaske	588	4459	588
Groblad	.	.	1176
Hønsegras	588	.	.
Jordrøyk	588	.	.
Krypsoleie	.	.	588
Linbendel	882	1922	882
Meldestokk	1070	1525	637
Raudtvitann	765	588	1176
Rybs	8765	686	588
Stivdylle	.	.	588
Tunbalderbrå	1000	1882	2708
Tungras	588	588	735
Tunrapp	1453	4907	8557
Vassarve	1176	1490	588
Vindeslirekne	588	.	882
Åkergråurt	1264	4656	588
Åkerminneblom	.	.	588
Åkerstemorsblom	1587	735	588
Åkersvineblom	882	1029	.
Åkervortemjolk	1176	.	.
Andre frøgras	980	1029	588
SUM ugras	12616	22500	15889

. tyder at arta ikkje vart påvist i jordprøven

Jamfører ein tala i siste line i tabell 5 med dei som står i siste lina i tabell 9, ser ein at det er eit visst samsvar mellom ugrasmengda i åkeren og talet på frø i jorda. Det same gjeld også for enkeltartene. Nokon rettlinia samanheng er det likevel ikkje. Regresjonsanalyser viste at korrelasjonen mellom tal ugrasplanter og frømengde kunne variera rett mykje frå ugrasart til ugrasart. Korrelasjone var t.d. tolleg sterkt for tunbalderbrå ( $R^2=0.64$ ), men svært dårlig for vassarve ( $R^2=0.02$ ). Samanhengen varierte også frå felt til felt, med  $R^2=0.19$ , 0.26 og 0.71 for etter tur Voll, Landvik og Kvithamar.

Ei samanlikning av tabellane 5 og 9 viser elles at jordanalysen fann fram til nokre tilleggsarter: Hønsegras, rybs, tungras, tunrapp og åkergråurt på Voll, balderbrå, tunrapp og åkergråurt på Landvik, og balderbrå, tunrapp og åkergråurt på Kvithamar.

Mest påfallande er funna av tunrapp og åkergråurt i jordprøvene frå alle felta. Trass i 398 observasjonsruter i alt vart desse artene ikkje påvist nokon stad ute på åkeren. Den viktigaste årsaka er truleg av klimatisk art. Den første tida etter såing var det heller tørt på alle forsøksstadene. Dette hemma springa av desse artene som begge set pris på høg jordrāme. Særleg gjeld dette åkergråurt. Tunrappen er elles så liten og tynn på dette tidlege stadiet at han rett og slett kan ha vorte oversett nede i kornåkeren.

Omvendt vart nokre arter som fanst i åkeren, ikkje påvist i jordprøvene: Klengjemaure og åkergrønnsak på Voll, hønsegras, svartsøtvier og vindeslirekne på Landvik, og hønsegras, jordrøyk, vasspepar og åkergrønnsak på Kvithamar. Dette er alle saman arter som fanst berre sporadisk, jfr. tabell 6, 7 og 8. Frø av dei fleste rotugrasa vart heller ikkje påvist i jordprøvene.

Ei nærmare spesifisering av frømengda av dei ulike artene på kvart skifte er vist i tabellane 10, 11 og 12.

Det går fram av alle desse tabellane at frømengda av dei ulike artene varierte ein god del over felta. Dette ville ein også ha venta, sett på bakgrunn av variasjonen i talet på ugrasplanter som vart funne i åkeren, jfr. tabellane 6, 7 og 8. Rett nok er det som nemnt, ikkje rettlinia samanheng mellom frømengda i jorda og plantetalet i åkeren, men ein ting er i alle fall sikkert: Skal det bli planter av frøugras, må det også vera frø til stades. Når tabellane 10, 11 og 12 i nokre tilfelle ikkje viser funn av frø i skifte der det er påvist planter i åkeren, kan det ha fleire årsaker, bl. a.:

1. Jordprøvene er tatt ut på berre halvparten av teljerutene, d.v.s. at plantene kan vera funne på den andre halvparten.
2. Jordprøvene er tatt ut etter at ugraset har spirt, d.v.s. at talet på gjenlevande frø er redusert i tida fram til prøveuttaket, dels på grunn av sjølve springa og dels på grunn av annan biologisk aktivitet.

230 Dyrkingssystemfelt for økologisk landbruk

Tabell 10. Gjennomsnittleg frømengde pr m<sup>2</sup> til 20 cm djup i kvart skifte på Voll

	Skifte					
	24	25	26	27	28	29
<b>Ugrasart</b>						
Balderbrå	.	.	.	588	.	588
Då-arter	.	882	588	588	588	588
Gjetartasker	588	.	588	.	.	.
Honsegras	588	588	588	588	588	588
Jordroyk	.	.	588	.	.	.
Linbendel	588	588	.	1765	.	588
Meldestokk	686	735	588	882	1176	2353
Raudtvitann	1471	588	.	588	588	588
Rybs	.	.	.	.	.	8765
Tunbalderbrå	.	1176	588	.	588	1647
Tungras	588	.	.	588	.	588
Tunrapp	2000	1961	1765	1176	706	1111
Vassarve	.	.	1176	588	588	2353
Vindeslirekne	.	588	.	.	588	.
Åkergråurt	1176	1814	1324	1503	706	1059
Åkerstemorsblom	980	1569	2471	1691	1176	1634
Åkersvineblom	1176	588	1176	588	.	.
Åkervortemjølk	.	.	.	.	1176	.
Andre frøugras	.	980	.	.	.	.
SUM ugras	9843	12059	11441	11136	8471	22745

. tyder at arta ikke er påvist i jordprøven

Tabell 11. Gjennomsnittleg frømengde pr m<sup>2</sup> til 20 cm djup i kvart skifte på Landvik

	Skifte					
	1	2	3	4	5	6
<b>Ugrasart</b>						
Balderbrå	.	.	.	.	.	588
Då-arter	.	.	588	.	.	.
Gjetartasker	2794	3765	4706	7745	5392	2353
Linbendel	2353	3922	588	1765	980	.
Meldestokk	1176	1471	588	1647	2745	.
Raudtvitann	.	.	.	588	.	.
Rybs	588	588	882	.	.	.
Tunbalderbrå	588	.	784	6275	1176	588
Tungras	588	.	.	.	588	588
Tunrapp	5000	4412	4118	10392	2451	3072
Vassarve	3235	588	1569	1176	882	.
Åkergråurt	6373	5294	5956	7059	1961	1294
Åkerstemorsblom	.	.	1176	588	588	588
Åkersvineblom	882	882	1765	588	.	.
Andre frøugras	.	1176	.	588	1176	1176
SUM ugras	23578	22098	22721	38412	17941	10248

. tyder at arta ikke er påvist i jordprøven

Tabell 12. Gjennomsnittleg frømengde pr m<sup>2</sup> til 20 cm djup i kvart skifte på Kvithamar

	Skifte					
	8.1	8.2	8.3	9.1	9.2	9.3
<b>Ugrasart</b>						
Balderbrå	1765	882	.	1618	.	588
Då-arter	.	588	.	.	588	.
Gjetartaske	.	.	.	588	588	.
Groblad	.	.	.	.	.	1176
Krypsoleie	.	.	.	588	588	.
Linbendel	.	.	.	1176	.	588
Meldestokk	588	.	588	686	588	735
Raudtvitann	.	1176	1765	.	.	588
Rybs	.	.	.	588	.	.
Stivdylle	.	.	.	.	.	588
Tunbalderbrå	4412	588	588	8403	1176	1078
Tungras	.	588	.	882	.	.
Tunrapp	6103	7426	5662	7353	11222	13575
Vassarve	.	.	.	588	.	.
Vindeslirekne	.	.	.	588	.	1176
Åkergråurt	588	588	.	588	.	588
Åkerminneblom	.	588	.	588	.	.
Åkerstemorsblom	.	.	.	.	.	588
Andre frøugras	.	.	.	.	588	.
SUM ugras	13456	12426	8603	24237	15339	21271

. tyder at arta ikkje er påvist i jordprøven

## DISKUSJON

Ugrasmengda, artssamsetnaden og fordelinga av ugraset i dei 3 felta varierer ein del, ikkje minst mellom felta, men også innan felta. Størst var variasjonane i feltet på Landvik, der også ugrasmengda totalt sett var størst. Årsaka til at ugrasfloraen har blitt som den er, kan vera mange, men det var ikkje noko mål for denne undersøkinga å klarleggja dette spørsmålet. Målet var som nemnt tidlegare, å kartleggja og greia ut ugrassituasjonen på dei tre dyrkingssystemfelta med omsyn til frøugras, rotugras og frøbank, d.v.s. slik den var ved starten av systemfelta. Like fullt kan det vera interessant å jamføra driftsopplegget, spesielt ugraskampen, dei siste åra med den aktuelle ugrassituasjonen på skifta, og sjå om det finst logiske samanhengar.

Feltet på **Voll** hadde heller lite ugras, og for frøugraset sitt vedkomande er skifta bra jamne. Dette skuldast nok for ein stor del at det i alle vekstar gjennom ei årrekke var brukt herbicid som er effektive mot fleire ugras. I perioden 1988 - 1992 vart det i kornåra på skifte 24 - 28 brukt Vegeran/Triagan/Actril 3. Vegeran vart brukt oftast - dei 2 andre berre 1 gong kvar. I potetåra vart det sprøyta med Afalon/Sencor (Skutlaberg, 1993).

Alle midla er som nemnt, effektive mot mange ugras. Åkerstemorsblom er likevel problematisk, særleg for midla som er brukt i kornåkeren, d.v.s. dei fleste åra. Difor er det ikkje så merkeleg at nett den arta er relativt rikeleg representert på feltet. På skifte 29

er det brukt Vegoran (korn) og Afalon (potet), og sprøytinga har ikkje vore like regelmessig som på dei andre skifta. Sprøyteintensiteten ser likevel ut til å ha vore høg nok til å halda frøugraset nede, men har gitt uheldige utslag på rotugraset.

Korkje Vegoran eller Afalon har nemnande verknad mot rotugras, og skifte 29 ber tydeleg preg av det. I den samanhengen er det interessant å leggja merke til at skifte 28, som vart sprøyta med Actril 3 i 1988 og med Triagran i 1991, berre har spreidde eksemplar av rotugras. Einast skifte 26 er like reint, men her vart til vederlag åkeren brakka/harva sommaren 1991 før tilsåing med haustkveite.

På **Landvik** hadde feltet generelt mykje ugras, men variasjonen var stor både mellom og innan skifta. Det tidlegare driftsopplegget på Landvik er også karakterisert av stor variasjon, med mange kulturar på tildels små areal. Ugraskampen har såleis mått blitt svært forskjellig (Havstad 1993).

På skift 1, 2 og 3 har det vore økologisk drift sidan 1990. Kjemiske middel vart sist brukt i 1988 og 1989, men då berre på delar av arealet. Skifte 4 og 5 har vore brukt til ulike vekstar, først og fremst engrapp, men også poteter, vikker, raigras og kløver - i nordvestre hjørnet hadde det dessutan lege ein 'økohage'. I perioden frå og med 1988 er kjemiske middel brukt einast i 1989, og då berre på delar av arealet. Skifte 6 har i heile perioden vore tilsådd med gras, hovudsakleg bladfaks, men også litt engrapp. Engrappen vart sprøyta med Faneron og Actril 3 i 1988, og heile arealet med Triagran i 1992. Dette skiftet merkjer seg ut ved å ha langt mindre ugras enn dei andre skifta, noko graset truleg har mykje av 'æra' for ved i stor mon å ha hindra oppspiring og frøsetjing av frøugraset. Skifta 4, 5 og 6 vart elles sprøyta med Roundup hausten 1992, og dette forklarar nok mykje av mangelen på rotugras, ikkje minst kveke og kulturgrasa sjølv som ein elles kunne ha venta ein del av, etter så mange år med frøeng.

Jorda på Landvik har såleis hatt ei svært skiftande brukshistorie, og både ugrasmengda og fordelinga av ugraset er prega av den.


På **Kvithamar** må ugrasmengda totalt kunna karakteriserast som moderat, men med flekkar med til dels mykje ugras, som vist i konturplotta. Skifta 8.1, 8.2 og 8.3 hadde eng av forskjellig slag frå 1988 til 1991, dels nysådd i 1988. Korn vart sådd på alle 3 skifta i 1992. Bortsett frå stussing av gjenlegget i 1988 vart det ikkje gjort noko mot ugraset i engåra. I 1992 vart kornet sprøyta 2 gonger med MCPA - først mot frøugras og deretter mot rotugras.

I skifte 9.1 og vestre del av 9.2 vart det i 1988 dyrka bygg og sprøyta med ein låg dose av FK-kombi mot frøugras. Frå 1989 til 1990 var det ulike eng- og frøavlfsforsøk her utan spesiell ugraskamp. I 1991 vart den sørvestre delen pløyd og tilsådd med bygg på nytt. I nordaustre hjørnet heldt derimot eng- og frøavlfsforsøka fram også dette året. Resten av skifte 9.2 og heile 9.3 vart nytta til kløver, som låg fram til 1991. I 1992 vart det dyrka bygg. All kornåker på skifta 9.1, 9.2 og 9.3 vart i 1991 og 1992 sprøyta med MCPA mot frøugras - i 1992 også mot rotugras (Wikmark 1993).

Det går fram av det som er nemnt ovanfor, at jamvel innanfor same skiftet har det i perioden 1988-1992 vore ulike driftsvariantar. Det er difor ikkje rart at klare tendensar i ugrasmengde og -fordeling er vanskelege å finna. Skifte 9.1 og vestre del av 9.2 har likevel hatt meir open åker enn resten av feltet i denne perioden, og med unntak av ein liten flekk i sørenden av skifte 8.1 på grensa mot brakklandet, er det her vi finn mest ugras, særleg tofrøblada rotugras.

## REFERANSAR

- Fykse, H. 1993. Dynamics of weeds in long-term experiments in spring cereals. 8<sup>th</sup> EWRS Symposium "Quantitative approaches in weed and herbicide research and their practical application", 689-696.
- Havstad, J. 1993. Bruk av dei ulike skifta og tiltak mot ugras i feltet på Landvik 1988-1992. Pers. opplysningar.
- Skutlaberg, A. 1993. Bruk av dei ulike skifta og tiltak mot ugras i feltet på Voll/NLH 1988-1992. Pers. opplysningar.
- Wikmark, T. 1993. Bruk av dei ulike skifta og tiltak mot ugras i feltet på Kvithamar 1988-1992. Pers. opplysningar.



# Tilpassing til ver og klima hos lignoser i maritime strøk. I. herdigskap

## *Adaptation of woody plants to weather and climate in a maritime environment. I. hardiness*

JOHANNA L.F. ERSTAD

Statens forskingsstasjoner i landbruk, Særheim forskningsstasjon, avd. Fureneset, Fure, Norge

*The Norwegian State Agricultural Research Stations, Særheim Research Station, Div. Fureneset, Fure, Norway*

Erstad, J.L.F. 1994. Adaptation of woody plants to weather and climate in a maritime environment. I. hardiness. *Norsk landbruksforskning* 8: 235-248. ISSN 0801-5333.

Woody plants from a maritime environment need to be frost-hardy in temperatures as low as -10°C, and must also be able to tolerate great temperature variations. Adaptation occurs in morphological, anatomical and physiological characters. The protective mechanism varies in different plant parts, so that growth can be resumed as soon as possible after the winter. Heritable differences have been found within and between species. Short days in the autumn induce dormancy and it is during this period that hardiness is developed. After dormancy, early in winter, growth is inhibited in many species by a secondary dormancy or a chilling requirement. In spring, bud burst is regulated by temperature in most species.

Key words: Adaptation, hardiness, woody plants.

*Johanna L.F. Erstad, Særheim Research Station, Div. Fureneset, N-6994 Fure, Norway.*

Vekstvilkåra i eit maritimt klima er prega av store variasjonar mellom år og ustabile vêrtilhøve. Tre må kunne overleve gjennom mange sesongar og må difor utvikle mekanismar mot fleire typar påkjennningar. Dei viktigaste karakterane for klimatilpassing må vere herdigskap, vindresistens, saltresistens og vassresistens. Målet med litteraturoversikta var å undersøke trea si tilpassing og utsiktene for tilpassing ved ei eventuell klimaendring.

Etter den siste istida vart Noreg gradvis invadert av nye treslag. Dei kunne tilpasse seg klima og jordsmonn p.g.a. sin arvelege variasjon. For omkring 3000 år siden var klimaet på det varmaste, men også etter at klimaet vart kjølegare igjen har flytting av einskilde treslag nordover halde fram. Ved si vandring nordover måtte trea utvikle daglengdereaksjonar for å tilpasse veksten til ein kort vekstseseong. Eit døme er grana som framleis er på vandring nordover og vestover i Noreg. Grana kjem sannsynlegvis frå Kviterussland gjennom Finland og Sverige. I heile dette området er det vist at omkring 90% av den arvelege variasjonen framleis er felles for alle "proveniensar", både for molekulære og morfologiske markørar (Lagercrantz & Ryman 1990). Likevel taler vi om proveniensar av

di det finst store skilnader i herdigskap. Også for rips er det funne at det framleis finst mange fellestrekks mellom sørleg og nordleg opphav, sjølv om det også kan skuldast krysningar med forelda materiale (Erstad in prep.).

Temperaturvariasjonar førekjem naturleg med sviningar på opptil 10°C i årsmiddel frå ei istid til den varmaste interglasiale tida. Ei eventuell temperaturstiging forårsaka av menneskeleg aktivitet kjem i tillegg til den naturlege variasjonen og mykje raskare, 2°C-stigning pr. 100 år mot naturleg ei 2°C-stigning pr. 1000 år (Huntley 1991).

Frå pollenanalsesar veit ein likevel at ein art si utbreiing ikkje aukar med varmare klima, men heller forflyttar seg, d.v.s. i det sørlege området vil arten tape konkurransen mot andre artar som også forflyttar seg nordover grunna klimaendringar (Bradshaw & McNeilly 1991). Ei slik flytting er påvist å kunne foregå med maks. fart kring 150-500 m/år. I tillegg må det heile tida vere stor nok genetisk variasjon til at tilpassing til nordlegare område kan skje. For fortsett flytting nordover må det ikkje vere store stengsler i form av fjordar eller fjell, elles kan det vere at eit planteslag forsvinn utan at andre flyttar inn (Houghton & Woodwell 1989).

Middeltemperaturane om vinteren langs kysten er ikkje særlig låge, men nesten kvar vinter er det periodar med streng kulde. Det krev at plantene toler store temperatursviningar, særlig på ettermiddagar, utan å bryte.

Andre særtrekk ved klimaet i maritime strøk er store nedbørsmengder og vind som kan føre med seg salt frå havet. Nedbørsmengda kan variere enormt over korte avstander (Børset 1985, s. 198). Ein finn avgrensingar i tilpassingsevne ved at stadig fleire artar må gi tapt jo lengre ein kjem ut i havgapet. Samstundes finst artar som klarer seg både i innlandet og på kysten.

## HERDIGSKAP

### Herdigskap og kvile

Uttrykka herdigskap, om trea si evne til å overvintrie, og kvile vert ofte brukte om kvarandre, men det er to ulike karakterar. Kvileperioden er oftaast ein kort periode om hausten då trea ikkje har evne til å vekse, sjølv ved gunstige temperaturar. Kvile kan oppfattast som naudsint for planta for ikkje å vekse vidare mens herdingsprosessen går føre seg. Vegis (1963) fann at temperaturområdet for vekst er mest innsnevra i kvileperioden; deretter utvidast det igjen. I kvileperioden er bryting av nye knoppar redusert, før utviklinga av den største herdigskapen (Seibel & Fuchigami 1978). Etter at kvilen er opphört vert bryting likevel hemma i mange treslag, anten av ein sekundær kvile i knoppskjella (Saunders & Barros 1987), eller av ein kuldetrong (chilling requirement) som må oppfyllast (Kozlowski et al. 1991).

Herdigskap utviklast etter induksjon, men gir ikkje vern før etter ei stund; t.d. viser ulike bartre auka herdigskap frå oktober, sjølv om induksjonen skjer i august-september (Roberts et al. 1974; Ryskova & Uhlirova 1983). Også lauvtre viser dette mønsteret: vekstavslutting i august, kvile i september, auka herdigskap frå oktober (Seibel & Fuchigami 1978; Stushnoff & Junntila 1986).

Utvikling av herdigskap er krevjande for plantene og dei utviklar ikkje større grad av herdigskap enn naudsint (Kaku et al. 1980; Magnesen 1992). T.d. må sembrafur (Pinus

*cembra*) vere resistent mot vårfrost, medan *Rhododendron ferrugineum* ikkje er det, for den ligg som regel under eit snødekke og vert verna på denne måten (Schwarz 1970). Stushnoff & Junntila (1986) finn det same forholdet mellom *Salix*- og *Betula*artar som toler -40°C og molte som ikkje toler meir enn -15°C.

### Induksjon av herdigskap

Herding og kvile vert begge to induserte av daglengda om hausten. For mange av treslag i Norden er det funne eit samspel mellom daglengde og temperatur for induksjon av herding: gran og furu (Aronsson 1975), bjørk (Downs & Bevington 1981), *Cornus* (McKenzie et al. 1974), *Salix*-artar (Junntila & Kaurin 1990). Ulike artar og ulike proveniensar har trong for ulike mengder av mørkeraudt lys. Ved høgare breiddegrader inneheld lyset meir raudt lys og dei nordlegaste typane er mest følsame for dette (McKenzie et al. 1974; Junntila & Kaurin 1990).

Daglengda vert målt av planta med fytkrom som vert aktivisert av raudt lys. Mørkeraudt lys reverserer aktiviseringa av fytkrom. Det er mørkeraudt lys som induserer herding hos *Cornus* (McKenzie et al. 1974), men etter induksjon er utvikling av herdigskap styrt av temperaturen. Motverknad med raudt lys som nattavbrot er meir verksam ved høge temperaturar. Dei fleste treslag frå tempererte klimasoner er svært følsame for tilleggslys, t.d. gatelys. Då vert veksten avslutta seinare (Kozlowski et al. 1991). Eike- og furuartar er unntak frå denne regelen (Cathey & Campbell 1977).

Heide (1974a) fann at gran berre treng 2 veker med lang natt før prosessen ikkje kan stoggast av høg temperatur eller lang dag. Innan den perioden kan høge temperaturar gi danning av lammasskot (Heide 1974b), jfr. verknaden av avblading i vekstsesongen. Daglengda som induserer stogg i lengdeveksten og knoppdanning, er 1-2 timer lengre enn daglengda som induserer stogg i kambiumutvikling i gran (Heide 1974a). Kozlowski et al. (1991) meiner at det generelt er temperaturen som styrer kambiumveksten.

Plantene må vere mottakelege for induksjon: blada må vere "gamle", det må vere eit høgt C/N-forhold i plantene (Trewavas 1985). Steponkus og Lanphear (1967) oppdaga dette i eit forsøk med eføy. Når dei eldste blada vart tildekka, gjekk utviklinga av herdigskap saktare enn når dei yngste blada vart tildekka. Blad som vart lagde i sukroseløysing, utvikla også herdigskap. Også tørke om seinsommaren kan føre til herding. Dette vart undersøkt for fleire furuartar av Calmé et al. (1993), som fann auka herdigskap etter tørke. Det var ikkje stor skilnad i herding med og utan tørke av di tørke og daglengdeinduksjon vart gitt samstundes.

Avblading i vekstsesongen hindrar utvikling av herdigskap hos *Cornus*, av di nye knoppar bryt og dei unge blada er ikkje mottakelege for induksjon. Avblading om hausten induserer herding (Unnsteinson 1965), som ofte ikkje vert vellukka av di herdinga er ein aktiv prosess som krev fotosyntese. Også vanleg skjering av buskar gir dårlegare herding påfølgande haust (Junntila & Kaurin 1990).


Unnsteinsson (1965) studerte andre faktorar som påverkar herdinga: N-gjødsling hemmar utvikling av herdigskap, P fremmar han. Også K aukar herdigskap gjennom veksthemming og auka differensiering og sukkeroppphoping. Herdingsprosessen kan difor forstyrast av sein gjødsling (Perry 1971). På den andre sida fann Calmé et al. (1993) at gjødsling samstundes med induksjon ikkje hemma herdinga vesentleg, og dei meinte at forholda mellom elementa var avgjerande, ikkje mengd eller tidspunkt. Sur nedbør og

ozonpåverknad hemma herding, det første moglegvis gjennom gjødselverknad, mens ozon hemma P-opptak (Eissenstat et al. 1991).

Sarvas' (1974) ide om ein årleg syklus som vert synkronisert om hausten, kan no utarbeidast slik:

- 1 Daglengda er den klimafaktoren som er fast frå år til år og brukast til synkronisering og induksjon av kvile og herdigskap. Kostnaden for planta er minst ved berre ei synkronisering for året.
- 2 Kvileperioden er truleg den mest variable. Den sikrar at planta har tilstrekkeleg herdigskap gjennom vinteren og at ho kjem i gang med veksten fort og til rett tid.
- 3 Den korte vekstsesongen må nyttast fullt ut, og difor er berre gamle blad mottakelege for induksjon, og induksjon motverkast av vektfremmande påverknader som gjødsling og skjering.
- 4 Det er ikkje temperatursummen, som i Sarvas' opphavelege idé, som styrer, men daglengda og mogninga av blada.

Figur 1 syner forholdet mellom herdigskap og kvile. Overgangen mellom vernalisering og vekst om våren er uklår, sjå nedanfor.



Figur 1. Utvikling av herdigskap og vekst-kvile hos planter frå eit temperert, maritimt klima

Figure 1. Development of hardness and growth-dormancy in plants from a temperate, maritime climate

I. Innvintring: ikkje vekst, ikkje induserbar, utvikling herdigskap/Hibernation, no growth, growth cannot be induced, development of hardness

II. Vernalisering: ikkje vekst, men induserbar, evt. kuldetrong vert gradvis oppfylt, fullt herdig/Vernalization: no growth but inducible, chilling requirement being met gradually, completely hardy

III. Start vekstsesong, tap av herdigskap/Start of the growing season, loss of hardness

- vekst growth

o herdigskap hardiness


### Verknaden av frost på planter

Når vatnet frys i cytoplasma vert membranane øydelagde og cella døyr. Osmotisk tilpassing kan ikkje auke frostresistensen mot temperaturar lågare enn -2°C (Chalker-Scott 1992). Ved

underkjøling og ekstracellulær frysing vert vatn drege ut av cellene utan at dei dør. Difor finn ein samstundes utvikling av tørkeresistens og herdigskap (Levitt 1980; Parker 1972).

Is som vert danna i intercellulærromma utviklar raskt eit høgt osmopotensial som auker med 0,53 osmol pr. °C temperaturnedgang. I ei plante ved -5°C er osmopotensialet av isen -6 MPa og 80% av vatnet vert drege ut av cellene. Underkjøling (supercooling) er òg ein effektiv måte å hindre frysing. Løysinga i cellene vil ha evne til å kunne kjølast ned til -38 - -44°C (Steponkus 1990). Underkjøling vert funne i knoppar og marg (Levitt 1980).

Figur 2 syner endringane i planta ved herding som gir auka frostresistens.



Figur 2. Sannsynleg utvikling av herdigskap i lignosar i eit temperert klima

Figure 2. Probable development of frost hardiness in woody species in a temperate maritime climate

↓ årsakssammenheng causal relationship

↑ mogleg forstyrring possible disturbance

↑ gjensidig samanheng reciprocal relationship

## Anatomiske og fysiologiske endringar hos hardføre planter

### Anatomi

Frostresistens utviklar seg ulikt i dei ulike plantedelane. Knoppane vert verna av knoppskjell, dei tørre skjella dannar eit impermeabelt lag. Det første steget i herdinga er danning av endeknopp (McKenzie et al. 1974). I tillegg kan knoppane verte verna av at karutviklinga stoggar. Blomsterknoppane hos bjørnebær er lite utvikla om vinteren og då er dei resistente mot frost gjennom underkjøling (Warmund et al. 1992). Om våren utviklar karstengane seg og resistens går tapt.

Hos lauvfellande rododendron, azalea, har Chalker-Scott (1992) funne lignifiserte cellelag ved feste av knoppskjella, under blomsterstanden og under kvar einskild blomsterknopp. Desse cellelaga hindrar spreieing av intracellulær frysing.

Suberinisering i røtene og lignifisering i veden vert funne ved herding (Heide 1974a; Unnsteinsson 1965) og er krav til full herding (Magnesen 1992). Celleveggane vert mindre vasspermeable. Vassoppaket vert lågare grunna suberiniseringa (Levitt 1980).

Røtene utviklar ikkje stor herdigskap av di dei sjeldan vert utsette for dei lågaste temperaturane der det er snødekket. Grønor (*Alnus viridis*) og vanleg rogn er relativt sterke mot teleskade, fordi dei klarer å tilpasse vasspotensialet gjennom heile vinteren og toler meir uttørking (Frey 1983). Coleman et al. (1992) fann ikkje samanheng mellom utbreiing av *Pinus contorta*, *Tsuga mertensiana* og *Abies*-artar og minimumstemperatur for rotvekst. Røter frå herda planter tolte meir frost enn av ikkjeherda planter.

I stammen må kambiet og margstrålecellene vernast, vedrøra er daude, og ekstracellular isdanning vert funne først og fremst her. Hos *Cornus* er det funne at mogninga av margaen går akropetalt oppover greinene (Mc Kenzie et al. 1974).

Bartre og vintergrøne planter dannar eit vokslag eller andre xeromorfe tilpassingar til vern av blada (Unnsteinsson 1965). Når vokslaget vert øydelagt t.d. ved luftforureining vert kulderesistensen nedsett. (Dueck et al. 1990).

### Tilpassing av metabolismen

Under herdingsprosessen vert fotosyntesen og respirasjonen endra. Mange nye stoff vert syntetiserte, det er funne ein auke i RNA under herding (Parker 1972; Eriksen 1977; Guy 1990). Fotosyntese er naudsynt under herding og har høg effektivitet også ved låge temperaturar i planter som er tilpassa eit maritimt temperert klima (Levitt 1980).

Destabilisering av plasmamembranen er hovudårsaken til frostskade. Det kan vere fleire årsaker til destabilisering: endringar i osmopotensial både ved frysing og tining og skilling av membrankomponentane. Endringar i membranpotensial vert også nemnde (Steponkus 1990).

Difor skjer det ei rekke biokjemiske endringar i membranar og cytoplasma ved herding. Overgangen til meir umetta feittsyrer i membranane held dei flytande (Levitt 1980). Det er funne at det vert danna heilt nye feittsyrer som aukar vasspermeabiliteten. Fraksjonen av fosfolipid aukar, dermed vert herdinga dårlegare ved dårleg P-forsyning, direkte eller som følge av forureining (Eissenstat et al. 1991).

Det er funne opphoping av sukker, gjennom nedbryting av stivelse og *de novo* syntese, som gir eit høgare osmotisk potensial og hindrar uttørking (Levitt 1980). Oligosakkard med si vasskappe vernar m.a. den kvartære proteinstrukturen og membranstrukturen (Parker 1972).

Dei oligosakkarida som vert funne ved herdigskap er sukrose, raffinose og stachyose. T.d. fann Mitcham-Butler et al. (1986) i edelgran ein auke i raffinose i september og ein nedgang i mars. Hinesley et al. (1992) oppdaga seinare i ulike bartreartar at sukrosedanning vert indusert når minimumstemperaturen kjem under 7,2°C, og raffinose når minimumstemperaturen kjem under 1,7°C uavhengig av art. Mengda av sukrose og raffinose var større i dei nordlege artane enn i dei sørlege. Raffinose hemmar krystallisering av sukrose, slik at sukrose også ved frost kan verne proteinstrukturen.

Santarius (1973) undersøkte isolerte kloroplastar som fekk auka varme-, tørke- og kulderesistens i sukkerløysing. Også andre stoff som liknar sukker, viser opphoping om hausten og gradvis forsvinning om våren. Seybold (1969) fann slike årsvariasjoner for mannositol (ask) og sorbitol (opal). For *Euonymus* fann han tidleg opphoping av dulcitol som om vinteren vert omsett til dulcitol-1-P.

Under stress finst ein auke i frie radikal i cellene. Desse vert uskadeleggjorde av glutation/askorbinsyre, karotenoid og ulike enzym (Thompson 1988). Biryukova og Kharlamova (1981) fann hos furu at karotenoid vernar klorofyllmembranen mot oksydering om vinteren. Dei fann ein auke i karotenoidinnhald om vinteren, mest i proveniensar frå nord og aust i SUS. Hos ulike bartreartar brukte Ryskova & Uhlirova (1983) askorbinsyre som mål på herdigskap. Dei fann mindre askorbinsyre i frosne skot enn i kontrollskot, når dei ikkje var herdige. I herdige skot fann dei meir askorbinsyre etter frysing enn i ikkjefrosne kontrollskot. CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen i cellene påverkar både pH og redoks-potensial. Unnsteinsson (1965) fann at eit høgt CO<sub>2</sub>-nivå i cellene hindrar herding hos eple.

Dersom membranstrukturen vert øydelagd, finn ein ein netto effluks av ion (K<sup>+</sup>), som er proporsjonal med den synlege skaden (Levitt 1980).

Wolfenden & Mansfield (1990) har undersøkt verknaden av forureining på utvikling av herdigskap. Dei meinte at herdigskap i seg sjølv ikkje vert påverka av ozon eller NO<sub>x</sub>, men kan verte forseinka av gjødslingseffekten. Det vart funne redusert akkumulering av raffinose og deira konklusjon var at det etter fleire år med forureiningsstress kan verte fare for varige endringar. SO<sub>2</sub> og NO<sub>2</sub> kan også komme inn i plantevervet mens det er i dvale. Dei dannar svært reaktive ion og frie radikal, som kan gjere mykje skade særleg ved sterk innstråling av di reparasjonsmekanismen ikkje verkar.

### Avherding om våren

Mange artar kan bryte knoppar med ein gong etter kvileperioden om hausten. Gran og furu kan vekse vidare etter 6 resp. 11 veker kvile (Aronsson 1975). Lauvtre som *Populus x robusta* og korgpil kan også bryte tidleg på vinteren (Hewett & Wareing 1973; Alvim et al. 1976).

Ulike klonar av *Simmondsia chinensis* har ulik regulering av herdigskap. Anten har dei berre kvilen, som vert avslutta i oktober eller så har dei ein slags kvile som varer heile vinteren, eit døme på gradvis tilpassing av frostresistens (Benzioni et al. 1992). Variasjonar i frostresistens om vinteren vart også funne i gran (Eriksen 1977).

Hos Douglasgran fann Kreuger & Trappe (1967) at sukkeret vert omsett til stivelse igjen om våren. Dette skjer først i rota. Dei fann ein negativ korrelasjon mellom innhald av reduserande sukker og rotaktivitet. Kozlowski et al. (1991) nemnde også at innhaldet av karbohydrat går ned om våren som følge av auka respirasjon. Young (1993) har målt respirasjon i epleskot før og etter at kuldetrongen er oppfylt. Om våren aukar respira-

sjonskvotienten når karbohydrat vert nedbrotne i staden for feittsyrer.

For aminosyrer vert det funne tilsvarende (Wang & Faust 1994). Det vert danna fleire polyamin når vernaliseringa er avslutta, utvikling av blad- og blomsterknoppar vert hemma når danning av polyamin vert hemma.

Heide (1993a) undersøkte faktorar som påverkar bryting om våren i fleire lauvtreslag. Dei fleste treslaga viste seg å ha ein kuldetrong, og bryt dermed lettare dess seinare på vinteren uttak skjer. Dei ulike artane har ulik temperaturtrong for bryting. *Alnus spp.* og *Prunus padus* bryt best ved 9°C, *Betula spp.* og *Populus tremula* ved 21°C. Temperatursummen for bryting minkar ved seinare uttak. Treslaga har ulik strategi: *Alnus* har stor kuldetrong, men krev deretter berre ein låg temperatursum, *Betula* har liten kuldetrong, men krev desto større temperatursum. Reaksjonen hos bøk (*Fagus sylvatica*) er spesiell av di den også krev lang dag for å bryte (Heide 1993b). Ifølge Sarvas' (1974) teori kostar denne strategien meir for plantene.

Transpirasjonen om vinteren er avhengig av temperatur, luftråme og vind. Ein vanleg mellomeuropeisk art som *Viburnum opulus* viser seg å ha minst transpirasjon. *Cornus mas* har også lite transpirasjon tidleg på vinteren, men p.g.a. tidleg blomstring aukar transpirasjonen raskt om våren. Nokre typar av *Corylopsis spicata* og *Amelanchier lamarckii* er relativt bra tilpassa, og her må ein leite etter tilpassa økotypar. Særleg *Corylopsis* er avhengig av god vassforsyning om hausten. Tørke om hausten fremmar herding, men kan også skape problem for transpirasjonen gjennom vinteren (Schuster & Dapper 1988).

### Nedarving av herdigskap

Av di ulike prosessar bidrar til herding vil ein forvente å finne arveleg variasjon både i type tilpassing og grad av tilpassing. Downs & Bevington (1981) har undersøkt dette med ulike typar og artar av bjørk frå Alaska og sørlegare statar i USA. Det var størst skilnad i type tilpassing mellom sør og nord og mellom artane i Alaska, både morfologisk og fysiologisk, mens det også vart funne skilnad i grad av tilpassing innan arten i Alaska (*B. papyrifera* var. *humilis* og *B. p. var. papyrifera*).

Magnesen (1992) viser til skilnad mellom kyst- og innlandsproveniensar av furu, der kystproveniensane ikkje toler dei lågaste temperaturane om vinteren.

I *Salix pentandra* fann Juntila og Kaurin (1990) eit lågare vassinnhald i årsskot i dei nordlege proveniensane enn i dei sørlege. Vassinnhaldet var korrelert med herdigskap, men herdigskapen auka raskare enn vassinnhaldet minka.

I eit klassisk forsøk med ulike granproveniensar fann Magnesen (1969) ein klinal gradient for påverknad av daglengda. Utvikling av herdigskap går raskare ved høgare temperatur. I eit seinare studium (Magnesen 1971) viste han at temperaturvariasjon også aukar herding, men først etter induksjon. I tillegg til variasjon med breiddegradi fann Magnesen (1972) i eit forsøk med fleire proveniensar også ein gradient med høgdelag.

I kryssingar mellom ulike proveniensar av *Salix pentandra* viser avkommet ein intermediær reaksjon på daglengda (Juntila & Kaurin 1990). Det tyder på at nedarvinga er enkel.

Hos hassel er det funne eitt recessivt gen hos planter som ikkje får kvile. Dei misser ikkje blada om hausten og knoppane kan bryte ved høveleg temperatur (Thompson et al. 1985).

Norell et al. (1986) fann mest additive effektar for herdigskap om hausten hos furu. Dei fann også stor variasjon innan populasjonane. Det same fann Nilsson et al. (1991), som studerte samanhengen mellom resistens hos småplanter og vaksne planter av same familie og resistensen til foreldra.

Herdigskap hos ulike roseartar er styrt av få gen med høg arvegrad (heritability). Både morfologiske (krypande) og fysiologiske tilpassingar er funne (Svejda 1979).

Solbær er mest utsett for vårfrost i blomsterknoppane, og herdigskap nedarvast additivt og med få gen (Dale 1987). Brennan (1991) samanliknar ulike kultivarar og finn at dei har ulike reaksjonsmønster. Nordleg opphav gir større toleranse, men dette gjeld ikkje for ein russisk kultivar med same kryssingsforeldre. Det må vere ulike gen for vinter- og vårfrosttoleranse. Det er potensial for å selektere for vårfrosttoleranse, ikkje berre for å selektere for sein blomstring.

Guy (1990) viste også til at hybriden har frosttoleranse som ligg mellom den til foreldra. Han meinte at det tyder på kvantitativ nedarving. I nokre tilfeller har det vist seg at det også finst maternale effektar. Han meinte at det er få gen som styrer hovudprosessen som det er funne ved andre stressituasjonar som varmesjokk og anaerobiosis. I fleire planteslag, frå petunia til sitron, er det funne eit bestemt protein etter induksjon av herding.

## KONKLUSJON

Overvintringsevna til treaktige planteslag vert avgjort av deira toleevne mot uttørking.

Tre prosessar bidrar til overvintringa: 1) "kvila" om hausten som er ein aktiv periode der 2) frosttoleransen aukar. I tillegg vert for tidleg bryting hindra av 3) sekundær kvile eller kuldetrong.

Sjølv om mange gen er involverte i utvikling av herdigskap, verkar det som ein kjedereaksjon der første steg vert styrt av få gen.

## SAMANDRAG

Tre frå maritime område må vere herdige mot frost ned til omkring -10°C, samstundes som dei må tote store temperatursvingingar. Adaptasjon skjer både morfologisk, anatomisk og fysiologisk. Vernet mot frost er ulikt i dei ulike planteleiane, og såleis vert normal vekst oppnådd raskast mogleg etter vinteren. Arvelege skilnader er funne både mellom og innan artar.

Korte dagar om hausten induserer kvile. Under kvileperioden vert herdigskap utvikla. Etter kvilen, tidleg på vinteren, vert veksten hos mange artar hemma av ein sekundær kvile eller ein kuldetrong. Om våren er det temperaturen som styrer knoppbryting hos dei fleste artane.

## ETTERORD

Drs. Ole Billing Hansen, Arne Sæbø og Olav Arne Bævre skal ha mange takk for gode faglege råd under skrivinga. Karl-Jan Erstad har vore språkleg rettleiar.

## LITTERATUR

- Alvim, R., E.W. Hewett & P.F. Saunders 1976. Seasonal variation in the hormone content of Willow I: Changes in abscisic acid content and cytokinin activity in the xylem sap. *Plant Physiol.* 57: 474-476.
- Aronsson, A. 1975. Influence of photo- and thermoperiod on the initial stages of frost hardening and dehardening of phytotron-grown seedlings of Scots pine (*Pinus sylvestris* L.) and Norway spruce (*Picea abies* (L.) Karst.). *Studia Forest. Suecica* 128: 1-20.
- Benzioni, A., D.A. Palzkill & J.M. Nelson 1992. Flower bud dormancy, ABA concentration, and survival during frost of jojoba genotypes under water stress. *J. Amer. Soc. Hort. Sci.* 117: 976-980.
- Biryukova, S.P. & N.V. Kharlamova 1981. Geographic variation in drought and winter hardiness of common pine. *Sov. J. Ecol.* 12: 223-227.
- Bradshaw, A.D. & T. McNeilly 1991. Evolutionary response to global climatic change. *Ann. Bot.* 67 (Suppl. 1): 5-14.
- Brennan, R.M. 1991. The effects of simulated frost on black currant (*Ribes nigrum* L.). *J. Hortic Sc.* 66: 607-612.
- Børset, O. 1985. Skogskjøtsel. I Skogøkologi. Landbruksforlaget, Oslo, ISBN 82-529-1018-1:494 s.
- Calmé, S., H.A. Margolis & F.J. Bigras 1993. Influence of cultural practices on the relationship between frost tolerance and water content of containerized black spruce, white spruce and jack pine seedlings. *Can. J. For. Res.* 23: 503-511.
- Cathey, H.M. & L.E. Campbell 1977. Light frequency and color aid plant growth regulation. *Amer. Nurseryman* (15 NOV 1977): 16-18, 108-114.
- Chalker-Scott, L. 1992. Disruption of an ice-nucleation barrier in cold hardy Azalea buds by sublethal heat stress. *Ann. Bot.* 70: 409-418.
- Coleman, M.D., T.M. Hinckley, G. Mc Naughton & B.A. Smit 1992. Root cold hardiness and native distribution of subalpine conifers. *Can. J. For. Res.* 22: 932-938.
- Dale, A. 1987. Some studies in spring frost resistance in black currants (*Ribes nigrum* L.) *Euphytica* 36: 775-782.
- Downs, R.J. & J.M. Bevington 1981. Effect of temperature and photoperiod on growth and dormancy of *Betula papyrifera*. *Amer. J. Bot.* 68: 795-800.

- Dueck, Th.A., F.G. Dorel, R. Ter Horst & L.J. van der Eerden 1990. Effect of ammonia, ammonium sulphate and sulphur dioxide on the frost sensitivity of Scots pine (*Pinus sylvestris* L.). Water Air and Soil pollution 54: 35-49.
- Eissenstat, D.M., J.P. Syvertsen, T.J. Dean, J.D. Johnson & G. Yelenovsky 1991. Interaction of simulated acid rain with ozone on freeze resistance, growth and mineral nutrition in citrus and avocado. J. Amer. Soc. Hort. Sci. 116: 838-45.
- Eriksen, A.B. 1977. Winter vigour in *Picea abies* (L) Karst. V Biochemical changes in buds of four-year-old spruce plants during the autumn 1972. Rep. Norw. For. Res. Inst. 34.1: 21 pp.
- Erstad, J.L.F. Ecotype differentiation in *Ribes rubrum* in Norway. In prep.
- Frey, W. 1983. The influence of snow on growth and survival of planted trees. Arctic and Alpine research 15: 241-251.
- Guy, C. 1990. Molecular mechanisms of cold acclimation. In: F.R. Katterman (ed.) Environmental Injury to Plants. Acad. Press, San Diego California. Pp. 35-61.
- Heide, O.M. 1974a. Growth and dormancy in Norway spruce ecotypes (*Picea abies*) I: Interaction of photoperiod and temperature. Physiol. Plant. 30: 1-12.
- Heide O.M. 1974b. Growth and dormancy in Norway spruce ecotypes. II: After-effects of photoperiod and temperature on growth and development in subsequent years. Physiol. Plant. 31: 131-139.
- Heide, O.M. 1993a. Daylength and thermal time responses of budburst during dormancy release in some northern deciduous trees. Physiol. Plant. 88: 531-540.
- Heide, O.M. 1993b. Dormancy release in beech buds (*Fagus sylvatica*) requires both chilling and long days. Physiol. Plant. 89: 187-191.
- Hewett, E.W. & P.F. Wareing 1973. Cytokinins in *Populus x robusta*: Changes during chilling and bud burst. Physiol. Plant. 28: 393-399.
- Hinesley, L.E., D.M. Pharr, L.K. Snelling & S.R. Funderburk 1992. Foliar raffinose and sucrose in four conifer species: relationship to seasonal temperature. J. Amer. Soc. Hort. Sci. 117: 852-855.
- Houghton R.A. & G.M. Woodwell 1989. Global climatic change. Scient. Amer. 260: 18-26.
- Huntley, B. 1991. How plants respond to climate change: migration rates, individualism and the consequences for plant communities. Ann Bot. 67 (Suppl.): 15-22.

- Junttila, O. & Å. Kaurin 1990. Environmental control of cold acclimation in *Salix pentandra*. Scand. J. For. Res. 5: 195-204.
- Kaku, S., M. Iwaya & M. Kunishige 1980. Supercooling ability of Rhododendron flower buds in relation to cooling rate and cold hardiness. Plant & Cell Physiol. 21: 1205-1216.
- Kozlowski, T.T., P.J. Kramer & S.G. Pallardy 1991. The Physiological Ecology of Woody Plants. Acad. Press, San Diego California. 657 pp.
- Kreuger, K.W. & J.M. Trappe 1967. Food reserves and seasonal growth of Douglas-fir seedlings. For. Sci. 13: 192-202.
- Lagercrantz, U. & N. Ryman 1990. Genetic structure of Norway spruce (*Picea abies*): concordance of morphological and allozymic variation.. Evolution 44: 38-53.
- Levitt, J. 1980. Responses of Plants to Environmental Stresses. Vol. I. Chilling, Freezing and High Temperature Stresses. 2nd. ed. Acad. Press, New York.
- Magnesen, S. 1969. Ekspertimental-økologiske undersøkelser over vekstavslutningen hos frøplanter av gran (*Picea abies* (L) Karst) 1. Virkning av daglengde og vekstsesongens varmeforhold. Meddel. Vestl. Forst. St. 49. 50 pp.
- Magnesen, S. 1971. Ekspertimental-økologiske undersøkelser over vekstavslutningen hos frøplanter av gran (*Picea abies* (L) Karst) 2. Virkning av ulike varmeforhold om høsten og perioder med lav natt-temperatur. Meddel. Vestl. Forst. St. 51: 227-69.
- Magnesen, S. 1972. Ekspertimental-økologiske undersøkelser over vekstavslutningen hos frøplanter av gran (*Picea abies* (L) Karst) 3. Virkning av daglengde. Supplerende forsøk med 53 frøpartier. Meddel. Vestl. Forst. St. 52: 275-317.
- Magnesen, S. 1992. Treslagets og proveniensens betydning for skogskader: en litteraturstudie fra en ca. 100-årig epoke i norsk skogbruk. Rapp. Skogforsk 7/92. 46 pp.
- McKenzie, J.S., C.J. Weiser & M.J. Burke 1974. The effects of red and far red light on the initiation of cold acclimation in *Cornus stolonifera* Michx. Plant physiol. 53: 783-789.
- Mitcham-Butler, E.J., L.E. Hinesley & D.M. Pharr 1986. Soluble carbohydrate concentration of Fraser fir foliage and its relationship to postharvest needle retention. J. Amer. Soc. Hort. Sci. 112: 672-676.
- Nilsson, J-E., B. Andersson & E.A. Walfridsson 1991. Progeny freeze testing, progeny field testing and parental phenology of *Pinus sylvestris* (L.) clones in northern Sweden. Scand. J. For. Res. 6: 177-195.

- Norell, L., G. Eriksson, I. Ekberg & I. Dormling 1986. Inheritance of autumn frost hardiness in *Pinus sylvestris* L seedlings. *Theor. Appl. Genet.* 72: 440-448.
- Parker, J. 1972. Protoplasmic resistance to water deficits. In: T.T. Kozlowski (ed.), *Water Deficits and Plant Growth* vol. III. Ed. . Acad. Press, New York-London. Pp. 125-176.
- Perry, T.O. 1971. Dormancy of trees in winter. *Science* 171: 29-36.
- Roberts, A.N., B.J. Tomasovic & L.H. Fuchigami 1974. Intensity of dormancy in Douglas fir and its relation to scale removal and rooting ability. *Physiol. Plant.* 21: 211-216.
- Ryskova, L. & H. Uhlirova 1983. Frost resistance of some forest tree species. *Comm. Inst. Forest. Cechosloveniae* 13: 193-208.
- Santarius, K.A. 1973. The protective effect of sugars on chloroplast membranes during temperature and water stress and its relation to frost, desiccation and heat resistance. *Planta* 113: 105-114.
- Sarvas, R. 1974. Investigations on the annual cycle of development of forest trees. II Autumn dormancy and winter dormancy. *Comm. Inst. Forest Fenn.* 84.1 Helsinki. ISBN 951-40-0115-x
- Saunders, P.F. & R.S. Barros 1987. Periodicity of bud bursting in willow (*Salix viminalis*) as affected by growth regulators. *Physiol. Plant.* 69: 535-540.
- Schuster, H. & H. Dapper 1988. Transpiration laubabwerfender Gehölze im Winter. *Baumschulepraxis* 18: 462, 475-476.
- Schwarz, W. 1970. Der Einfluss der Photoperiode auf das Austreiben, die Frosthärtung und die Hitzeresistenz von Zirben und Alpenrosen. *Flora* 159: 258-285.
- Seibel, J.R. & L.H. Fuchigami 1978. The relationship between vegetative maturity and the onset of winter dormancy in red osier dogwood. *J. Amer. Soc. Hort. Sci.* 103: 737-739.
- Seybold, S. 1969. Zum jahres- und tagesperiodischen Verhalten von Zuckeralkoholen in vegetativen Pflanzenteilen. *Flora A* 160: 561-575.
- Steponkus, P.L. 1990. Cold acclimation and freezing injury from a perspective of the plasma membrane. In: F.R. Katterman (ed.), *Environmental Injury to Plants*. Acad. Press, San Diego California. Pp. 1-16.
- Steponkus, P.L. & F.O. Lanphear 1967. Light stimulation of cold acclimation: production of a translocatable promotor. *Plant Physiol.* 42: 1673-1679.

- Stushnoff, C. & O. Junntila 1986. Seasonal development of cold stress resistance in several plant species at a coastal and a continental location in North Norway. *Polar Biol.* 5: 129-133.
- Svejda, F. 1979. Inheritance of winterhardiness in roses. *Euphytica* 28: 309-314.
- Thompson, J.E. 1988. The molecular basais for membrane deterioration during senescence. In: L.D. Noodén & A.C. Leopold. (eds.). *Senescence and Aging in Plants*. Acad. Press, New York: pp. 51-83.
- Thompson, M.M., D.C. Smith & J.E. Burgess 1985. Nondormant mutants in a temperate tree species *Corylus avellana* L. *Theor. Appl. Genet.* 70: 687-692.
- Trewavas, A. 1985. A pivotal role for nitrate and leaf growth in plant development. In: N.R. Baker, W.J. Davis & C.K. Ong (eds.), *Cambridge Control of Leaf Growth*. Cambridge Univ. Press. Pp. 77-91.
- Unnsteinsson, G.J. 1965. Frosthårdførhed og frostbeskyttelse hos træer og buske. State Hort. College Reykjum, Iceland. 83 pp.
- Vegis, A. 1963. Climatic control of germination, bud break and dormancy. In: Environmental control of plant growth: 265-287.
- Wang, S.Y. & M. Faust 1994. Changes in polyamine content during dormancy in flower buds of 'Anna' apple. *J. Amer. Soc. Hort. Sci.* 119: 70-73.
- Warmund, M.R., F. Takeda & G.A. Davis 1992 Supercooling and extracellular ice formation in differentiating buds of eastern thornless blackberry. *J. Amer. Soc. Hort. Sci.* 117: 941-945
- Wolfenden, J. & T.A. Mansfield 1990. Physiological disturbances in plants caused by air pollutants. *Proc. Roy. Soc. Edinburgh Section B Biol. Sci.* 97: 117-138.
- Young, E. 1993. Respiratory oxygen response and respiratory quotient of apple stem sections during chilling. *J. Amer. Soc. Hort. Sci.* 118: 509-512.

# Tilpassing hos lignosser til ver og klima i maritime strøk. II salt- og vasstress

## *Adaptation of woody plants to weather and climate in a maritime environment*

### *II Salt and water stress*

JOHANNA L.F. ERSTAD

Statens Forskningsstasjoner i landbruk, Særheim forskningsstasjon avd. Fureneset, Fure,  
Norge

*The Norwegian State Agricultural Research Stations, Særheim Research Station, div.  
Fureneset, Fure, Norway*

Erstad, J.L.F. 1994. Adaptation of woody plants to weather and climate in a maritime environment. II Salt and water stress. Norsk landbruksforskning 8: 249-270. ISSN 0801-5333.

Woody plant species growing in a maritime climate are constantly exposed to wind, salt and water stress. All of these physical and chemical stresses impair the water balance of the plant. In this review of the literature it is shown that woody plant species have managed to adapt to a shifting climate because they have developed a common defence mechanism against all stress factors. This adaptation includes morphological/anatomical and physiological changes. The defence is built up differently in different plant parts, enabling the trees to resume normal growth as soon as possible after exposure to stress. Heritable differences in resistance have been found between and within species, the resistance mechanism being governed by a few gene switches, which start the whole process. The different stages in the development of resistance are governed by many genes, in order to obtain flexibility.

Key words: Adaptation, gene switch, salt stress, water stress, woody plants.

*Johanna L.F. Erstad, Særheim Research Station, div. Fureneset, N-6994 Fure,  
Norway.*

I denne delen vert andre klimafaktorar enn temperaturen som verkar på veksten i maritime strøk, omtalte. Sæbø og Taksdal (1994) har nyleg skrive ei oversikt over verknaden av vind. Til slutt prøver eg å påvise at adaptasjon til eit omskifteleg vær og klima viser fellestrekke for dei ulike stressfaktorane. Strategien for utval for klima-adaptasjon vert også drøfta.

## STRESSFAKTORAR OG SYMPTOM

### **Saltsprut**

I maritime strøk er verknaden av vinden ikkje berre uttørking og mekanisk skade på blada (Kozlowski et al. 1991; Sæbø & Taksdal 1994). Vinden vil også kunne føre med seg store mengder med salt frå havet. Her vert skade som følgje av saltsprut frå hav eller vegrønt omalta.

Symptom på saltskade er brune bladspissar (bartre, einfrøblada artar), brune bladkantar (tofrøblada), eller sukkulens. I alvorlege tilfelle vert det spreiing over heile bladet, bladfall og bryting av sekundære knoppar som gir heksekost-liknande vekst.

Fysiske faktorar som saltmengd, vindretning og vindstyrke avgjer kor mykje plantene vert stressa. Av di dei finst ei kjelde, er avstanden frå kjelda og vindretninga svært viktige. Dessutan er det store skilnader mellom artar i mengdene av salt dei toler.

Boyce (1954) har sett opp ein tabell som syner saltmengd i høve til vindstyrken (Tabell 1). Saltavsetting aukar sterkt når vinden vert sterkare enn 5,5-7,9 m/s (Beaufort 4). Med aukande vindstyrke vert skilnaden mellom vind- og lésida mindre. Skilnaden viser seg også i oppsvelling av blada, meir på vindsida enn på lésida. Regn samtidig med eller like etter stormen reduserer skaden monaleg.

Tabell 1 Saltmengd avsett på blad ( $\text{mg/cm}^2 \cdot \text{t}$ ) i høve til vindstyrke (m/s) på vindsida og lésida (frå Boyce 1954)

Table 1. Salt deposition on leaves ( $\text{mg/cm}^2 \cdot \text{hr}$ ) in relation to wind force (m/s) on the windward and leeward side (from Boyce 1954)

Vindstyrke Wind force	Salmengde Salt deposition	
	vindsida windward	lésida leeward
7- 8	0,29	0,15
8- 9	0,31	0,21
11-12	1,40	1,25
12-13 (storm)	1,67	1,65

Skadeomfanget er avhengig av årstida for saltingsepisoden og av saltkonsentrasjonen. Den stadeigne vegetasjonen er mest utsett ved episodar med høg saltkonsentrasjon, sjølv om han til vanleg toler ein høg gjennomsnittskonsentrasjon. For vegetasjonen på stader som sjeldan vert utsett for salt, er jamvel ein låg konsentrasjon skadeleg (Moser 1975).

Skaden av vindslit på blada aukar med vindstyrken. Såra dannar inngangsportar for salt, slik at verknaden av salt aukar mykje med vindstyrkar over 6-7 m/s. Sitjande blad slår ikkje mot kvarandre, og skaden er vesentleg mindre på planter med sitjande blad enn med stilka blad (Boyce 1954).

Ei klimaendring vil truleg medføre fleire stormar. Med fleire stormar vert også faren for saltskade større. Sjølv i gamle leplantingar vart det funne saltskade etter "nyttårsorkanen" på Nordvestlandet i 1992. I amerikansk litteratur er dette nemnt alt i 1937. Ei vesentleg høgare saltmengd enn den vanlege ga skade både på tre vanlegvis utsett for saltsprut og tre som elles var utsette for salt (Wells & Shunk 1937).

Etter ein orkan i september var den direkte reaksjonen at lauvtrea mista blada, bartrea vart raudbrune på vindsida og mista nålene etter kort tid (Moss 1940). Mens saltpåverknad vanlegvis ikkje finst meir enn 100 m frå kjelda, fann Moss (1940) skade opptil 70 km inn i landet. Dei plantene som var minst skadde, braut som vanleg neste vår, men likevel 2 veker seinare på vindsida enn på lésida. Nær kysten vart lauvsprett generelt forseinka. Det vart funne mange daude kvistar.

På Fureneset forskingsstasjon observerte eg stor skilnad mellom vinteren 1992 og 1993. I orkanen i 1992 velta eit belte med sitkagran og nokre enkelttre av sitkagran og plomme, men det vart ikkje observert saltskade. Stormane vinteren 1993 ga mindre direkte skade, men om våren vart saltpåverknaden svært synleg. Sitkagrantre hadde mista nåler på årsskotet og braut dårleg. Også buskar av *Cotoneaster*, *Cornus* og *Potentilla* braut seinare på vindutsette stader og knoppane på vindsida var for det meste daude.

Klima og værforhold som avgjer graden av skade, kan vere daglengd, temperatur, nedbør, dogg og lufråme. Når planter i vekst vert utsette for saltsprut, vert skadane mindre ved aukande temperatur og daglengd fordi saltet ikkje hopar seg opp i blada. Derimot aukar skaden ved høg lufråme med stigande temperatur (Repp et al. 1959; Simini & Leone 1982). Også ved dogg gjer saltavsetting større skade enn på tørre blad. Regn derimot vil vaske vekk saltet (Grattan et al. 1981).

Som regel er  $\text{Cl}^-$  meir skadeleg enn  $\text{Na}^+$ , og  $\text{CaCl}_2$  meir skadeleg enn  $\text{NaCl}$  (Boyce 1954; Walton 1969).  $\text{CaCl}_2$  vert mykje brukt for å binde støv om sommaren.  $\text{NaCl}$  vert brukt til vegsalting.

### Tørke og flaum

Ved uttørking vil vasspotensialet i vedrøra auke og cytoplasma står i fare for å miste vatn. Også ved flaum vert det utvikla vassmangel. Røtene får oksygenmangel og sluttar å fungere, dermed får dei overjordiske plantedelane vassmangel.

Fordelinga av nedbør gjennom sesongen er viktig for tørkefaren, og det er funne at nokre artar kan ha 80% spiring, men likevel berre 1% etablering grunna forsommartørke (Kozlowski 1982a).

Også konkuransen med andre artar kan gi raskare uttørking av jorda. Til dømes er douglasgran nokså nøy sam med vatn, men ein undervekst av *Gaultheria shallon* (klaseberglyng, salal) står for 40-70% av vassforbruket i skogen (Tan et al. 1978).

Levitt (1980) delte planteslag i to grupper m.o.t. stress: dei som unngår stress (avoidance) og dei som utvikler toleranse. Ved uttørking vil ein rask reaksjon i spalteopningane vere medverkande for å unngå stress. Planta vil forsøke å ta opp mest mogleg vatn og bruke minst mogleg, mens ei tolerant plante vil auke osmopotensialet for å kunne halde funksjonane i gang. Chapman & Augé (1994) samanlikna planteslag frå tørre og våtare miljø og fann at miljøet ikkje avgjorde om eit planteslag var unngåande eller tolerant.

Gill (1970) har ei lang opplisting av problem knytt til flaum. Veksten vert redusert både i rot og skot, og fruktsetting kan verte hindra. Redusert vekst fører til redusert ringbreidde, men det vert også funne doble årringar hos enkelte artar, som følgje av fornya vekst etter flaumen. Blada viser først klorose og epinasti, seinare mistar nokre artar blada for å unngå uttørking. Transpirasjonen vert redusert. Røtene dør på grunn av oksygenmangel, men ei opphoping av assimilat kan gi hypertrofi i stammen. Svakare vekst vil auke

følsemda for skadedyr og sjukdommar. I verste fall dør heile planta. Mangel på oksygen (anaerobiosis) er hovudfaktoren, sjølv om reduserande forhold i jorda kan medvirke, t.d. jernforgifting ( $Fe^{2+}$ ). For mange av symptomata er også tidspunkt og eksponeringstid avgjerande. Dei fysiologiske endringane er mange, danning eller opphoping av etanol eller andre anaerobe åndingsprodukt og opphoping av prolin og abscisinsyre (ABA) vert brukte som stressindikatorar.

I nokre planteslag fører overfløyming til lukking av spalteopningane, dermed vert visning unngått, men fotosyntesen vert redusert (Drew 1983). Etter nokre dagar kan vasspotensialet auke igjen og til og med verte høgare enn før, sannsynlegvis når rota dør og vasstransporten ikkje vert hemma lengre.

Overfløyming er mindre skadeleg om vinteren p.g.a. redusert oksygenforbruk (Levitt 1980) og større oppløysning av oksygen i vatn ved låg temperatur (Gill 1970).

I vassmetta jord vert gassdiffusjonen sterkt nedsett, og ein får opphoping av  $CO_2$ , som i første omgang kan redusere pH-verdien (Rowe & Beardsell 1973). Det oppstår reduserande forhold, der nitrat vert redusert først, deretter mangan og jern og til slutt sulfat. Ved reduksjon av nitrat og sulfat kan pH også stige. Reduksjonsprodukta er giftige i seg sjølv, og det er ikkje sikkert om redokspotensialet som faktor er avgjerande. Det vert ofte funne ei svart hinne av redoksprodukt på røtene (Levitt 1980). Eit høgt  $CO_2$ -nivå fører også til redusert opptak av vatn og næring (Kozlowski 1982b).

Også etter at vasstresset er over er det funne lågt redokspotensial i jorda (Harrington 1987), og mangel på nitrat. Raudor (*Alnus rubra*) var ikkje særleg lenge utsett for nitrogenmangel, og 3 veker etter overfløyming var det ikkje skilnad andsynes ikkje-stressa planter. For amerikansk kjempepoppel (*Populus trichocarpa*) varte mangelen lengre.

Overfløyming gir større skade i leirjord enn i sandjord.

Huikari (1954) samanlikna torvekstrakt frå myrar utan tre, med myrar med furu eller med gran. Desse jordtypane viste ein gradient i reduserande evne, der myr utan tre var mest reduserande. Veksten av bjørk vart undersøkt i desse ekstraktane. Resultatet var at etablering av bjørka vart vanskelegare der forholda var meir reduserande, trass i at bjørka klarer å halde på oksyderande forhold rundt røtene.

## ANATOMISKE TILPASSINGAR

### **Saltsprut**

Mange planter som veks langs kysten, er førebudde på saltpåverknaden, og har ofte varige anatomiske tilpassingar. Mange lauvtrætar vernar seg med eit vokslag på blada. Vokslaget aukar med lengre dagar og stigande temperatur (Simini & Leone 1982). Dei fann likevel at vokslaget på barnåler ikkje auka, med unntak for gran der vokslaget auka med daglengda. Dei artane med tjukkast vokslag, t.d. buskfuru (*Pinus mugo*), er også best eigna til planting langs vegar (Hofstra & Hall 1971).

Skeiv vekst vert ofte oppfatta som vindslit på vegetasjonen, men skuldast like mykje saltpåverknaden, fordi toppane dør og kvilande knoppar bryt (Wells & Shunk 1937; Moser 1975; Dirr 1976). Skeiv vekst vert også funne langs vegar. Hos *Pinus strobus* fann Hall et al. (1972) berre årsnåler på vegsida, og desse stod tettare enn vanleg. Dermed vart også åringsbreidda forskjellig på veg- og lésida.

Hos lauvtrear er dei generative knoppane meir følsame for saltskade enn dei vegetative, og ein kan få einsidig blomstring på lésida (Lumis et al. 1973). Plassering av knoppane avgjer følsemada for salt, og denne er lågare når knoppane ligg inntil skotet, som hos *Robinia pseudoacacia*. *Aesculus spp.* har høg saltresistens p.g.a. kvae i knoppane. Når knoppane er skadde, bryt kvilande knoppar frå andreårsskota (Lumis et al. 1973).

Planter utsett for stress har eit høgt spesifikt bladareal. Fordi håra blad held meir på salt og fukt, kan desse blada samle meir salt enn glatte blad. Cassidy (1968) fann at blad som har åtak av insekt, har høge saltkonsentrasjonar av di vokslaget er øydelagd og saltet kan trenge inn.

### Vasstress

Svartor reagerer på tørke med eit tjukkare vokslag på blada, og blada vert mindre og færre. Skot/rot-forholdet minkar. Suberinisering av røtene held fram, slik at det tek lengre tid etter at stresset er over før transpirasjonen tek seg opp att (Seiler 1985). Også for ulike furuartar vert det nemnt at vokslaget aukar som følge av vasstress, mest for dei resistente artane (Newton et al. 1991).

Skoss (1955) fann at kutikula er tjukkare på solsida. Abrams (1994) ga ei oversikt over samanlikningar gruppa hans har gjort mellom sol- og skuggeblad, og artar av *Cercis*, *Fraxinus*, *Acer*, *Prunus*, *Quercus* og andre frå solrike og skugga vekseplassar. Som regel er soleksponerte artar og proveniensar meir tørkeresistente. Solblad er tjukkare og har større masse pr. arealeining.

Veksten vert redusert både ved tørke (Röber & Horn 1993) og flaum (Kozlowski et al. 1991). Sivakumaran & Hall (1978) utsette individ av *Euphorbia lathyrus* for både tørke og overfløyming. I begge tilfella reagerte planta med raskare aldring av yngre blad og felling av eldre. Ved tørke vert som regel bladarealet redusert, og dermed aukar spesifikt bladareal (Kozlowski et al. 1991).

Dei generelle tilpassingane som vert funne ved overfløyming, er anatomiske endringar for å auke oksygentransporten i planta, som t.d. danning av lenticeller og aerenkym (Gill 1970; Kozlowski et al. 1991). Røtene dør ved langvarig flaum, men ofte vert adventivrøter danna ved vassflata (Gill 1970; Hook & Scholtens 1978; Kozlowski et al. 1991). Hos nokre planteslag er det funne jern(III)oksyd i rotsona, og der må det vere rota som klarer å halde på oksyderande forhold i rotsona. Dei plantesлага som klarer å oksydere rotsona og som også er tolerante for giftstoff, er dei som klarer overfløyming best (Hook & Scholtens 1978).

Coutts & Philipson (1978) samanlikna sitkagran og furu i vassmetta torv. Aktive røter vert brunfarga og dør ved lengre eksponering. Nye siderøter og adventivrøter vert danna, men det kan ta opptil 6 veker før rotssystemet er like stort igjen. Furu vert mindre skadd enn sitkagran, og ved kortvarig vassmetting av torva dør ikkje fururøtene. Crawford (1978) påpeika at fururøter klarer å oksydere rotsona i større grad enn grannrøter. I eit seinare forsøk fann Coutts og Nicoll (1990) at det er stor skilnad om sitkagran vert utsett for vasstress i oktober eller november. Det kan vere av di røtene framleis er i vekst i oktober. Særleg dei yngre røtene dør, og dei fann at dei yngste røtene som overlever, er vel ein månad gamle og at dei dermed har sekundær rotvekst.

Røtene held fram med suberinisering, og dei kan også krympe ved tørke, slik at motstanden for vasstransport mellom jorda og rota vert endå større. På den andre sida vert tap av vatn til jorda hindra (Kozlowski 1982a; Nobel & Cui 1992).

## FYSIOLOGISKE TILPASSINGAR

### Vasspotensial

Ei saltløsing på eit blad vil kunne trenge inn i bladvevet gjennom spalteopningane eller vokslaget. I cella vert saltet fortrinnsvis lagra i vakuolen. Ei viss saltopplofting er ikkje til å unngå, og gir dei nemnde symptomata med daude celler og sukkulens. Mange har funne store skilnader i saltkonsentrasjon mellom daudt og levande vev (Hofstra & Hall 1971). Moss (1940) fann opptil ti gonger høgare saltkonsentrasjon i daude nåler enn i levande. Denne opphopinga vart ikkje funne hos *Pinus strobus*, som er svært følsam for salt (Hofstra & Hall 1971). Dei forklarer dette med at membranen må vere øydelagd og at saltet har runne ut.

Oppsvelling av blada vert funne p.g.a. osmotisk tilpassing. Denne oppsvellinga skjer berre i parenkymet, og planter med mykje sklerenkym har ikkje slik tilpassing (Boyce 1954).

Planter klarer i stor grad å halde saltkonsentrasjonen i cytoplasma låg. I salttolerante planteslag er det funne opphoping av NaCl i vakuolen på opptil 800mM, mens konsentrasjonen i cytoplasma då var 100mM. I celler som ikkje har tilvenning til eit høgt saltnivå, er konsentrasjonen 25mM (Cushman et al. 1990).

Planta vil oppfatte den høge saltkonsentrasjonen som ei uttørking. Bressan et al. (1990) meinte at turgortrykket vert redusert mellombels, men cellene i vekstpunktet får ikkje redusert dette trykket. Dei meinte at både cellestrekking og -deling går saktare når planta er utsett for saltstress. Ein reversibel reaksjon hos nokre artar var at cellene vart mindre. Når talet hos andre derimot vart redusert, men cellene fekk vanleg storleik, vart ikkje celledelingsfarta større når stresset vart borte, og reaksjonen var irreversibel.

Når lauvtre stadig er utsette for saltsprut, greier dei å halde saltkonsentrasjonen låg om sommaren. Om hausten aukar saltmengda i cellene, dette heng sannsynlegvis saman med aldring av blada. Også i bartrenåler finst det ein viss auke om hausten (Curtis et al. 1977).

Ved tørke og flaum reagerer både tolerante og ikkje-tolerante planteslag ved å lukke spalteopningane. Etter nokre dagar har tolerante planteslag tilpassa seg. Då kan spalteopningane opne seg igjen, eller planta har eit normalt vasspotensial i blada, men lukka spalteopningar (Kozlowski 1982b; Matsuda & Ryan 1990; Jones & Corlett 1992).

Stress gir først ei endring i xylemvasspotensialet, og endringa breier seg seinare ut til bladvevet (mesofyl) (Matsuda & Ryan 1990). Det osmotiske potensialet vert auka for å halde turgortrykket oppe. Turgortrykket er viktigare enn vass- eller osmopotensialet for å halde fotosyntesen i gang (Hinckley et al. 1980; Seiler 1985; Osonubi & Davies 1978; Kozlowski et al. 1991). Også jordvasspotensialet er med på å regulere spalteopningane (Chapman & Augé 1994).

Lauvfellande treslag med avgrensa lengdevekst viser ein rask auke i osmotisk potensial. Deretter er denne konstant, t.d. hos *Acer*. Artar med uavgrensa lengdevekst, t.d. *Populus*, aukar osmopotensialet i eksisterande blad, mens nye blad vert mindre. Vintergrøne artar har høgst osmopotensial om vinteren (Tyree et al. 1978). Auken i osmopotensial er som regel ikkje større enn 0,5-1,0 MPa (Kozlowski et al. 1991).

I vanleg gran vart det funne lågare vasspotensial i heile treet ved tørke (Dambrine et al. 1993). Derimot fann Townend (1993) at sitkagran dyrka ved eit høgt CO<sub>2</sub>-nivå ikkje

endra vasspotensial ved tørke.

Det skjer ei endring i vasspermeabilitet, og når parenkymceller vert øydelagde, kan dei stoppe til leidningsvevet (Kramer 1951; Jones & Corlett 1992). Dette er som regel forbigåande, men kan vere årsak til visning (Drew 1983; Kozlowski 1982). Overfløyming reduserer vassopptaket direkte gjennom lågare vasspermeabilitet i røtene, indirekte ved at rotssystemet vert redusert. Også opptak av mineral vert redusert (Meek & Stolzy 1978). Likeins som ved tørke vert næringsopptaket redusert (Dambrine et al. 1993).

Brown et al. (1976) utsette ei gruppe planter for kortvarig tørke ei rekke gonger før ein langvarig tørke. Desse plantene hadde mindre blad enn kontrollgruppa, men spalteopningane var opne til eit mykje lågare vasspotensial.

Eik er nokså tørkeresistent, og kan halde veksten i gong over fleire korte tørkeperiodar. Det skjer ei endring i rotmorfologien; røtene vert lange og tynne, med få forgreiningar (Osonubi & Davies 1978).

### Fotosyntese og respirasjon

Heile stoffskiftet kan verte endra som følge av saltstress. Dei fleste forsøka er gjort med opptak av salt gjennom røtene. Desse resultata kan likevel brukast for å sjå på dei fysiologiske tilpassingane som må skje i cytoplasma. Men dei artane som er tolerante for å vekse i salt jord, treng ikkje vere dei som toler saltsprut best. Dei fysiologiske endringane liknar dei for aldring.

Sjølv fotosyntesen vert lite påverka av saltstress, men respirasjonen aukar, og dermed vert nettofotosyntesen mindre (McCune 1991). Hähn & Lüdders (1993) fann at rotrespirasjonen ikkje auka i *Simmondsia chinensis* utsett for saltstress. I skotet auka fotorespirasjonen, respirasjonen om natta var lik den i ikkje-stressa planter. Ein auke i fotorespirasjon vert som regel også funne når planta er utsett for uttørking. Det vert danna fleire oksygenradikal som må uskadeleggjera gjennom fotorespirasjon (Aarnes 1994).

Endring i vasspotensial og lukking av spalteopningane fører til endringar i respirasjonskjeda. Under anaerobe forhold vert etanol danna som sluttprodukt for respirasjonen. Nokre planteslag som toler overfløyming, toler meir etanol, mens andre koplar om heile metabolismen slik at andre sluttprodukt vert danna, som t.d. malat, laktat, sukkinat (Gill 1970; Kozlowski 1982b; Pradet & Bomsell 1978; Zemlianukhin & Ivanov 1978; Hook & Scholtens 1978). Crawford (1978) nemnde glyserol som sluttprodukt i røter av *Alnus incana*, pyrodruesyre og glykolsyre i *Salix spp.*, og malat i *Betula pubescens*.

Røter av *Pinus contorta* (vifuru) som er meir tolerant for overfløyming enn *Picea sitchensis* (Sitkagran), dannar mindre etanol ved anaerobi, og Crawford (1976) meinte det er av di *P. contorta* har kontroll med nedbrytinga av stivelse. I resistente artar er opphopinga av etanol sjølvregulert. Etter nokre dagar auka etanolinnhaldet ikkje meir hos nære (Rowe & Beardsell 1973), som også kan bryte etanol ned igjen når stresset er over.

Ein relativ auke i respirasjonen vart funnen hos *Populus deltoides* både ved tørke og overfløyming (Regehr et al. 1975). Under flaum vert fotosyntese og transpirasjon meir reduserte, slik at kompensasjonspunktet for fotosyntesen vert høgare. Ved tørke går respirasjonen raskare ned, men stoggar på eit relativt høgt nivå. Også for ask, furu og Douglasgran vert det funne ein reduksjon i fotosyntesen (Ogigirigi et al. 1970; Dosskey et al. 1993).

### pH og redokspotensial

Saltoppfoping skjer i vakuolen, men av di oppaket av anion og kation kan vere ulikt, må planta kompensere med organiske sameiningar, som oftaast organiske syrer (Rains 1972). Ved høg saltkonsentrasjon skjer transport av kation og anion samtidig. Det forklarer pH-senkninga som vert observert ved saltoppfoping (Rains 1972).

Danning av organiske syrer fører til senking av pH og auke i det bioelektriske potensialet. Syntese av syrene er avhengig av bikarbonat-konsentrasjonen i cytoplasma. Reaksjonen kan samanliknast med den ein har under anaerobiosis. Difor finn ein auke i respirasjonen, også kalla saltrespirasjonen. I saltrespirasjonen vert ATP-produksjonen fråkopla elektrontransporten. Det oppstår ein fysiologisk tørke på grunn av energimangel (Rains 1972).

Også redokspotensialet over membranane endrar seg ved uttørking. Det vert dannar mange frie radikal, som vert gjorde uskadelege ved auka aktivitet i glutation/askorbatsyklus (Pastori & Trippi 1993).

Eit lågt redokspotensial i vassmetta jord kan gi oppfoping av giftig Mn<sup>2+</sup> og Fe<sup>2+</sup>. For å oppretthalde redoksbalansen vert alternative sluttprodukt laga, som t.d. aminosyrer og organiske syrer (Zemlianukhin & Ivanov 1978)

### CO<sub>2</sub>

Inne i treet er gassamansettinga ulik den i lufta. I dei fleste treslaga er kambiet nesten lufttett av di det finst få intercellulærrom. I veden vert det difor eit høgt CO<sub>2</sub>-nivå og eit lågt O<sub>2</sub>-nivå (Hook & Scholtens 1978).

I nokre høve er det funne mindre stress ved anaerobiosis berre som følge av mangel på oksygen enn ved anaerobiosis som følge av eit endra forhold mellom karbondioksyd og oksygen (Erstad & Gislerød 1994).

Ved anaerobi går pH ned. pH påverkar karboxylase/-dekarboxylaseforholdet for alle organiske syrer (Pradet & Bomsell 1978).

Eplegrunnstammar som toler eit høgt CO<sub>2</sub>-nivå, bind CO<sub>2</sub> på nytt via PEPkarboxylase til malat, slik at det vert funne ei oppfoping av malat (Ebert et al. 1986). Hos andre resistente treartar finst det andre organiske syrer som bind CO<sub>2</sub> (Crawford 1976). I hans forsøk var gråor og vifuru svært resistente mot CO<sub>2</sub>-oppfoping.

Auka vasspermeabilitet skuldast karbondioksydoppfoping. I forsøk vart nye enzym funne (*Salix*, *Populus*), og membransamansetnaden vart påvist endra hos tolerante artar (Levitt 1980). Oppdeling i fleire rom i cytoplasma og mellom cytoplasma og vakuole krevst for vanleg funksjon i cellene. Ein hypotese går ut på at denne rominndelinga vert øydelagd ved anaerobi. Den totale mengda CO<sub>2</sub> vert ikkje endra, men mindre CO<sub>2</sub> går ut til lufta. CO<sub>2</sub>-oppfoping og pH-senkning sørger for å oppretthalde redokspotensialet (Zemlianukhin & Ivanov 1978)

### Hormon

ABA (abscisinsyre) er eit plantehormon som vanlegvis vert funne ved stress. ABA regulerer opninga av stomata og påverkar dermed forholdet mellom assimilasjon og transpirasjon (Cornish & Radin 1990). Ved overfløyming er det funne ein auke i ABA som fører til at spalteopningane lukkar seg. Etter nokre dagar, når planta er akklimatisert og spalteopningane opnar seg igjen, forsvinn ABA (Kozlowski 1982b). ABA stimulerer også

produksjonen av stressproteinet osmotin, som vert lagra i vakuolen. Også nydanning av andre protein vert funne ved saltstress, og det er funne likskap mellom desse proteina i ulike planteslag (Cushman et al. 1990).

Gibberellin og cytokinin vert produserte i røtene, men denne produksjonen vert redusert ved overfløyming (Kozlowski 1982b). Ved flaum held transporten av cytokinin i transpirasjonsstraumen opp. Det er signalet som lukkar spalteopningane (Cornish & Radin 1990).

Ein meiner at transport av auxin frå toppen til røtene vert hemma ved flaum og at ein får opphoping ved vassflata. Difor kan ein observere hypertrofi av stammen ved vassflata, og adventiv rotdanning kan vere indusert (Kozlowski 1982b). Verknadene av etylen og auxin er vanskelege å skille frå kvarandre. Epinasti og bladfall vert likevel rekna som etylenverknad (Kozlowski 1982b).

### Regulering

Det finst nokre få nøkkelenzym som sørger for omkopling av metabolismen ved stress. Desse enzyma er svært følsame for konsentrasjonsendringar og reagerer difor raskt (Pradet & Bomsell 1978). Den raske reaksjonen er sannsynlegvis eit samspel mellom enzym, substrat og ein hemmar. Ein vanleg stressreaksjon er opphoping av prolin i vakuolen. Prolin vart funne som umiddelbar stressreaksjon og forsvann igjen etter endt stress (Röber & Horn 1993; Thomas & James 1993). Prolin kan også verte bygd inn i hydroxyprolinrike glykoprotein som dannar ein strukturell barriere i celleveggane (Edreva 1992). Det finst også ein seintverkande reaksjon som krev nysyntese av enzym (Pradet & Bomsell 1978).

Rabe (1990) meinte at den reduserte veksten som følge av stress fører til nitrogenoppføring i planta. Til vanleg har ikkje planter for mykje nitrogen og har difor ingen mekanisme for å hemme opptak av nitrogen. Dei mange aminosyrrene som vert funne ved fleire typer stress, kan vere ein verkemåte for å nøytraliserer nitrogenet i planta. Glutamin, den første aminosyra i kjeda vert funne alt 8 timer etter påkjenninga, mens dei følgande ledda vert danna etter nokre dagar eller veker.

Produksjon av aminosyrer krev fleire oksidasjonar, dermed vert det produsert mange H<sup>+</sup>-ion, som dels fører til lågare pH, og dels vert brukt i nitratreduksjon. Nitrat kan også verte brukt som alternativ elektronakseptor ved oksygenmangel (Pradet & Bomsell 1978). Det er sannsynleg at ammonium som vert danna i nitratreduksjonen, vert bygd inn i aminosyrer for å nøytraliserer det. Fleire ulike aminosyrer vert danna og variasjon i sluttproduktet vil kunne hindre giftige konsentrasijsjonar.

### Membranar

Drew (1983) meinte at vasstransport til stammen og blada vert redusert ved flaum grunna redusert vasspermeabilitet i membranane i rota under oksygenmangel.

Cellemembranane gjennomgår dei same endringane som ved aldring (Henckel 1964). Etter endt stress går dei tilbake til den opphavelige tilstanden sin hos nokre artar, men er varig endra hos andre artar.

Whitlow et al. (1992) målte ioneleiingsevna i tørka og utørka blad. Når planta har hatt ei tilvenning gjennom korte tørkeepisodar, toler ho uttørking betre. Leiingsevna viser at ho har fått tettare membranar. Aldrande blad derimot lek meir.

Transporten ved hjelp av Na/H-ATPase krev energi, p.g.a. forbruk av ATP. Det er

funne *de novo* enzymsyntese for transport gjennom tonoplast (Cushman et al. 1990). Gjødsling kan motverke skadeleg ophoping av eller mangel på enkelte element (Bernstein 1975). Spesielt kalsium vil kunne stabilisere membranane og auke opptak av andre ion (Rains 1972).

Forholdet mellom sukker og nitrogen aukar, som ved aldring, og for aminosyrer vart det funne ein mellombels auke (McCune 1991).

Ei tilvenning til vasstress er funne av fleire forskrarar (Matthews & Boyer 1984; Henckel 1964). Dei endringane som skjer i vasspermeabilitet, er varige og vernar plantene ved seinare tørkeepisodar. Dei kan då halde fram med dei vanlege funksjonane ved større grad av tørke. Matthews og Boyer (1984) fann at kloroplastmembranane vert varig endra og denne endringa gir resistens ved ny tørke.

## NEDARVING AV STRESSSTOLERANSE

Dei anatomiske, morfologiske og fysiologiske endringane som er omtalte, er moglege for artar med stor fleksibilitet. Fleksibilitet er evna til tilpassing til skiftande miljøforhold. For det enkelte individet er fleksibiliteten fenotypisk. Ein familie eller proveniens kan i tillegg vise genotypisk fleksibilitet.

Dei fleste artane med saltresistens er tolerante alt som frøplanter, og utval kan skje på eit tidleg stadium (Tinus 1983).

Det finst mange motstridande resultat når det gjeld følsemrd for salt hos ulike artar. T.d. nemnde Semoradova og Materna (1982) spisslønn og rogn som dei mest følsame artane, mens dei er vanlege på Vestlandet, også heilt yst mot kysten. Det tyder på at det må vere arvelege skilnader mellom innlands- og kysttypar.

Sitkagran og kryssingsgran (*P. x lutzii*) toler meir saltsprut enn norsk gran og furu (Magnesen 1992).

I ein oversiktsartikkel nemnde Allen et al. (1994) at det er funne arvelege skilnader i saltresistens mellom proveniensar av *Acer*, og familiær av *Pinus*- og *Quercus*-artar.

I indisk sennep (*Brassica juncea*) er det funne nye protein som følge av saltstress. Ulike liner danna protein ved ulike saltkonsentrasjonar. Nokre tolerante liner danna stressprotein også utan saltstress (Jain et al. 1993).

Harrington (1987) samanlikna raudor (*Alnus rubra*) og amerikansk kjempepoppel (*Populus trichocarpa*) av di dei begge veks i område utsett for overfløyming, men raudor klarer seg også i område med stilleståande vatn, der kjempepoppel ikkje finst. Begge artar er tolerante, og dei lukkar ikkje spalteopningane. Raudor veks mindre under flaum enn kjempepoppel, men betre 3 veker etterpå.

Newton et al. (1991) ga eit oversyn over arveleg tørkeresistens. Det vert funne mange nye protein ved vasstress, og nokre av dei må nedarvast monogent. Dei fleste skilnadene er funne mellom artar. Innan artane er dei største skilnadene mellom proveniensar. Dei proveniensane som syner stor osmotisk tilpassing, syner som regel også stor tilpassingsevne for dei andre karakterane.

Larsen (1981) fann arvelege skilnader i tørketoleranse hos Douglasgrana, mellom sørlege og nordlege typar, og mellom kyst og innlandstypar. I Skandinavia vert kysttypane dei mest aktuelle. Også Pharis & Ferrell (1966) fann ulike økotypar hos Douglasgrana.

Klonar av utvalde tre av furu viser store skilnader i vassforbruk gjennom døgnet og gjennom året. Skilnadene mellom klonane er konstante, slik at nokre klonar utan vidare omsyn krev meir vatn (Hellkvist & Parsby 1976). Cregg (1994) samanlikna genotypar av *Pinus ponderosa* som hadde ulik tørkeresistens. Ei tilvenning med fleire korte tørkeperiodar ga auka tørketoleranse ved langvarig tørke i forhold til kontrollplanter utan tilvenning. For nokre proveniensar vart det funne store skilnader mellom genotypar. Faren for tørke på opphavsstaden avgjorde i stor grad toleransen. Han viste seg å henge saman med fordeling av tørurstoff mellom rot, skot og nålene.

Davies & Kozlowski (1977) såg på artsskilnader innan *Acer*, *Alnus*, *Cornus*, *Fraxinus* og *Juglans*. Tilpassing skjer gjennom ein auke av vasspotensialet i planta. Lukking av spalteopningane hemmar fotosyntese og vekst. Dei artane som veks i vassrike område, vert minst reduserte i vekst og tek seg raskast opp att etter vassstress.

Økotypar av *Quercus rubra* frå eit vått og eit tørt område sentralt i Pennsylvania vart utsette for tørkestress. Ungplanter frå det tørre området tolte uttørking betre enn dei frå det våtare området. I det våte området var det større variasjon mellom plantene, anten av di trea også var befrukta av pollen frå det tørre området i nærlieken, eller av di seleksjonstrykket var mindre (Kubiske & Abrams 1992).

Følsemda for eit høgt CO<sub>2</sub>-nivå varierer mellom artar med opphavsstad og også innan arten (Lyr & Hoffmann 1967). *Prunus*-grunnstammer av artar som toler høg vassstand, bruker meir energi på rotssystemet. Difor vert avlinga redusert i forhold til artar som ikkje toler eit høgt vassnivå (Alvino et al. 1994).

Crawford (1978) refererte til kløver- og lupinartar der ein har funne ulik toleranse for overfløyming hos ulike genotypar. Forskjellen ligg i samansetnaden av enzymet som vert aktivisert ved overfløyming, d.v.s at dei ulike allela eller gena som koder for enzymet, har ulik fysiologisk vekt. Etter Thoday sin definisjon (Rieger et al. 1991, flexibility) er dette eit døme på genetisk fleksibilitet.

## ADAPTASJON AV TRE TIL FYSISKE OG KJEMISKE STRESSFAKTORAR

### Likskap i reaksjonane

Tabell 2 syner at det finst mange likskapstrekk mellom reaksjonane. Alle former for stress kan sjåast på som forstyrringar av vassbalansen.

Stressresistens vert påverka av andre vekstfaktorar. N-gjødsling motverkar aldring av blada, og difor vert også herdinga forseinka. Ved kraftig N-gjødsling toler planta salt- og vassstress betre. P-gjødsling aukar resistens mot alle stressfaktorane, truleg fordi syntesen av fosfolipid til membranane vert fremma.

Om vinteren toler plantene både salt- og vassstress betre. Dette har sannsynlegvis ikkje berre med redusert aktivitet om vinteren å gjere, men også med herdigskap. Magnesen (1992) oppsummerer stresstoleransen hos bartre slik: dei fleste stressfaktorane for bartre på Vestlandet utløyer tørkestress i plantene:

- om hausten er vassinnhaldet i nålene eit godt mål for resistens og herdigskap,
- frostskade oppstår om vinteren kan ikkje skiljast frå tørkeskade,
- vindslit er ei form for tørkeskade. Den mekaniske skaden fører til uttørking.

Tabell 2. Likskap mellom reaksjonar hos resistente planter ved ulike typar av stressTable 2. Similarities in reactions of resistant plants to different kinds of stress

Reaksjon Reaction	Herdigskap Hardiness	Salt/vindstress Salt/windstress	Vasstress Water stress
Lukking spalteopninger <i>Stomatal closure</i>		----- Mellombels -----*	
Bladmorfologi <i>Leaf morphology</i>	Xeromorf Xeromorph	Større spesifikk bladareal, mindre blad, tjukkare vokslag** <i>Greater specific leaf area, smaller leaves, thicker cuticle</i>	
Celleveggar <i>Cell walls</i>		Mindre vasspermeabel, lignifisering av veden, suberinisering av røtene <i>Less water-permeable, lignification of the wood, suberization of the roots</i>	
Cellemembran <i>Cell membrane</i>		Meir vasspermeabel, auke i fosfolipid og fleirumetta lipid <i>More water-permeable, increase in phospholipids and polyunsaturated lipids</i>	
Fotosyntese <i>Photosynthesis</i>	Naudsynt Necessary	Relativt mindre, redusert sukkeropplophping <i>Relatively less, reduced accumulation oligosaccharides</i>	
Respirasjon: <i>Respiration:</i>		Relativt mindre, auke i CO <sub>2</sub> -effluks <i>Relatively less, increase in CO<sub>2</sub>-efflux</i>	
CO <sub>2</sub> -binding <i>CO<sub>2</sub>-binding</i>	Naudsynt Necessary	----- organiske syrer ----- ----- organic acids -----	
etanolopphoping <i>accumulation of ethanol</i>		Relativt mindre, kan nedbrytast igjen <i>Relatively less, can be metabolized again</i>	
C/N-forholdet <i>C/N ratio</i>	Må vere høgt for induksjon <i>Must be high for induction</i>	Vert høgare som følge av stress ----- bladaldring ----- bladfall --- <i>Increases because of stress</i>	
Osmopotensial <i>Osmotic potential</i>	Gamle blad <i>Old leaves</i>	----- Aukar ----- Lekkasje av ion vert ikkje funne hos resistente planter ----- Increasing ----- <i>Ion leakage not found in resistant plants</i>	
Synteser <i>Syntheses</i>		Nye enzym vert funne av di nye gen vert aktiviserte, også de novo DNA og RNA-syntese <i>New enzymes occur because of activation of new genes, also de novo DNA and RNA-synthesis</i>	
Nedarving <i>Inheritance</i>		Få nøkkelen som startar prosessen, mange gen må til for regulering av dei ulike produkta. <i>Few key genes to start the process, many genes to regulate the different products</i>	

\* Reaksjonen gjeld alle typar stress som er understrekka

*The reaction is found for all stresses covered by the line*

\*\* Skrift over fleire kolonner gjeld fleire typar stress

*Writing across columns covers several types of stress*

For bartreartar kan proveniensforskjellar i tørkeresistens i stor grad verte forklart med skilnader i anatomiske eigenskapar ved nålene (Magnesen 1992).

Til no har ein berre funne tilvenning ved å utsette plantene for den same typen stress fleire gonger. Det er også funne at utvikling av toleevne mot den eine faktoren kan auke toleevna mot dei andre faktorane (Edreva 1992; Thomas & James 1993). Ranney og Bir (1994) fann at tørkeresistens i blada var ein viktig karakter for artar som var sterke mot overfløyming.

Nye protein vert funne ved fleire typer stress. Så langt er det berre unntaksvise funne likskap mellom protein ved ulike stressotypar. Dette kan også ha samanheng med at ulike planteslag og ulike plantedelar vert brukte. Det er funne at dei same enzymgruppene vert aktiviserte, t.d. peroksydase og glykosidase (Edreva 1992). Edreva (1992) meinte at ein må leite etter spesifikke stressmarkørar.

Chen et al. (1977) utsette kornellplanter samstundes for tørke og herding. Med tørke utviklast ein viss herdigskap også ved lang dag, tørke og kort dag saman gir større herdigskap. Det finst ein auke i sukkerkonsentrasjonen i tørkeresistente planter.

Endringane i metabolismen gir eit høgare C/N-forhold i plantene, noko som elles finst ved aldring. Mange forskrarar har samanlikna stressreaksjonar med aldringssymptom. Det ser ut til at dette ikkje berre er ein framstillingsmåte, men at det bygger på like fysiologiske reaksjonar. McKersie et al. (1988) samanlikna stress og aldring og fann dei same symptomata: fosfolipid vert øydelagte, det finst mange frie radikal og ei redusert evne til å uskadeleggjere dei. Derimot vert aldring av blada forhindra av sprøyting med urea, og planter dyrka ved eit høgt N-nivå toler meir vasstress (Drew 1983; Dambrine et al. 1993).

### Nedarving av resistens, kriterium for utval

Mange nye enzym vert funne etter at forsvarsmekanismen er aktivisert, d.v.s. at mange gen er involverte i reaksjonen. Samstundes finn mange vitkapsmenn at resistens vert styrt av få gen, t.d. eit gen for kvile/ikkje-kvile i hassel (Thompson et al. 1985).

Hos *Arabidopsis* er det nyleg funne eitt einskild gen som gir blomstring i frøplanta (Sung et al. 1992). I normale planter vert dette genet først aktivisert etter langdags-påverknad. Dette eitt genet kan ikkje styre alle dei morfologiske og fysiologiske endringane som skjer ved blomstring. Det kan kallast eit *brytargen*, som opnar for ei heil rekke andre gen. Guy (1990) meiner denne typen regulering er funne både for herdigskap, varmesjokk og anaerobi.

Ein liknande situasjon finst sannsynlegvis for resistens mot fysiske og kjemiske stressfaktorar. Evna til resistens vert styrt av få gen, graden av resistens etter induksjon kan styrast av mange gen.

I visse tilfelle er det funne samanheng mellom herdigskap og saltresistens (Hofstra & Hall 1971; Dirr 1976).

Regulering kan også skje på RNA og proteinnivå. I den normale utviklinga av ei plante vert RNA stadig brukt og nydanna. T.d. hormon kan aktivisere andre RNA eller protein som alt finst. Det gir planta høve til å reagere raskt og sterkt nok på ei påkjenning. For fleire typer stress er det funne at både RNA og protein som ligg klare, vert aktiviserte (Gallie 1993, Edreva 1992).

Dickinson et al. (1992) peikar på at også fenotypisk fleksibilitet kan gi tilpassing til stress. Nokre celleliner av platanlønn klarte å tilpasse seg eit forureina miljø. Dei meinte

at det sannsynlegvis var eit latent gen som vart kopla inn grunna stress. Når stresset var over, vart dette genet ikkje slått av, d.v.s ein tilsvarende situasjon som ved tilvenning til tørke. Nokre genotypar hadde ikkje riktig form på det latente genet eller klarte ikkje omkopplinga. Ein kan også samanlikne dette med indusert resistens mot skadedyr.

Fenotypisk og genotypisk fleksibilitet er planta si evne til å kunne tilpasse seg ulike miljø eller endringar i miljøet. Thompson (1991) meinte at fleksibilitet har spilt ei viktig rolle i evolusjonen. Naturleg seleksjon i eit stadig skiftande miljø treng difor ikkje å avgrense fleksibiliteten. Bradshaw (1991) meinte derimot at dei fleste gena er fikserte, og at dei gena som viser variasjon, ikkje kan vere under sterkt seleksjonspress.

I ei ny oversikt vert situasjonen for mange treslag skildra. Det finst stor arveleg variasjon og utveksling mellom ulike populasjoner. Ved utval må det leggast vekt på indirekte og tidleg utval (Kanowski 1993). Når det er funne prov for at resistens vert framkalla av den same mekanismen utan omsyn til påkjennung, kan testing av ein karakter vere nok for å gjere utval. Ein kan velje ein karakter som er lett å teste på småplanter eller i laboratoriet for å gjere eit grovutval.

Allen et al. (1994) fremma ein strategi for utval for saltresistens: ein må finne dei viktigaste karakterane og det må finnast stor nok variasjon for desse. I det beste tilfellet ville ein kunne velge ut ulike avkom som har auka tilpassing for ulike karakterar knytte til salttoleranse og til slutt samle desse i eitt utval.

For mange molekulære markørar er det funne vanleg nedarving etter Mendellova (Aravanopoulos et al. 1993; Gallo & Geburek 1991). Det ville vere ønskeleg med studie av enzym som vert syntetiserte som følge av stress og nedarving av desse i kontrollerte kryssinger mellom planter som har ulik toleevne for stresset.

Vassstress påverkar t.d. eit avgrensa tal gen. 13 nye polypeptid vart funne i *Brassica napus*. Desse hadde stor verknad på rotvekst, rotmorphologi og -fysiologi. Også i andre vekstslag har ein funne nye enzym og RNA i samanheng med opphoping av ABA. Ein er nær ved ei meir fullstendig forståing av stress, verknad på vekststoffbalansen og endringar i heile stoffskiftet (Cornish & Radin 1992).

## KONKLUSJON

Frost, vind, salt, flaum og tørke forårsakar alle uttørking i heile eller delar av planta. Vern mot stressfaktorane kan difor vere basert på same mekanisme. Vern mot éin stressfaktor vil også kunne gi eit visst vern mot andre.

Det er naudsynt for plantene å kunne styre reaksjonane, dei må utnytte vekstsesongen best mogleg og kunne ta seg opp att fortast mogleg. Tilpassinga krev energi som elles kunne nyttast til vekst. Ein rask og avmålt reaksjon vert oppnådd enklast med eit trinnvis forsvar som er likt for ulike stressfaktorar:

- steg 1 reduksjon av vassstap
- steg 2 osmotisk forsvar
- steg 3 strukturendringar, spesielt i membranane

Steg 2 og 3 vert ikkje realiserte dersom stresset varer ved. I eit maritimt klima vil eit slikt system vere særleg veleigna, av di veret skiftar så mykje og så fort.

Fleksibilitet gir trea evne til tilpassing, både genotypisk og fenotypisk. I utval for langtlevande organismar som tre, bør ein difor leggje vekt på å ta vare på tilpassingsevna (fleksibilitet), ikkje berre finne tilpassing (adaptasjon) til noverande miljø.

## SAMANDRAG

Tre frå eit maritimt klima har alltid vore utsette for både vind-, salt- og vasstress. Desse fysiske og kjemiske stressfaktorane påverkar alle vassbalansen i planta. Denne litteraturoversikta syner at trea har klart klimatilpassinga av di dei har utvikla ein felles forsvarsmekanisme mot alle stressfaktorane. Adaptasjon skjer både morfologisk/anatomisk og fysiologisk. Forsvaret er ulikt i dei ulike plantedelane, såleis vert normal vekst oppnådd raskast mogleg etter stress.

Arvelege skilnader er funne både mellom og innan artar. Resistensen vert styrt av få utløysar-/brytgargen som set heile prosessen i gong. Dei ulike trinna i prosessen vert styrt av mange gen. På det viset vert størst fleksibilitet oppnådd.

## ETTERORD

Drs. Per Anker Pedersen, Arne Sæbø og Olav Arne Bævre skal ha mange takk for gode faglege råd under skrivinga. Karl-Jan Erstad har vore språkleg rettleiar.

## LITTERATUR

- Aarnes, H. 1994. Oksygen - svøpe og gode. Naturen 118: 177-184.
- Abrams, M.D. 1994. Genotypic and phenotypic variation as stress adaptations in temperate tree species: a review of several case studies. Tree Physiol. 14: 833-842 .
